FUSA KOMMUNE

ABO PLAN & ARKITEKTUR

# OMRÅDEPLAN FOR STRANDVIK

## Konsekvensutgreiing



**Datert 07.11.2019**

| | |
|---|---|
| **Plannamn:** | Områdeplan for Strandvik |
| **Kommune:** | Fusa kommune |
| **Planid:** | 1241_201903 |
| **Saksnr.:** | 18/946 |
| **Kommunens repr.:** | Terje Raunsgard<br>Helle Holte Bruland |
| | |
| **Dokument:** | Konsekvensutgreiing |
| **Oppdragsnr.:** | 201802700 |
| **Plankonsulent:** | ABO Plan & Arkitektur AS |
| | |
| **Oppdragsleiar:** | Ola Klyve Dalland |
| **Medarbeidarar:** | Turid Verdal<br>Marit Røttingen<br>Aleksandra Kurzynska Janiszewska |
| | |
| **Tiltakshavar:** | Fusa kommune |
| **Tiltakshavars repr.:** | Terje Raunsgard<br>Helle Holte Bruland |
| | |
| **Datert:** | **07.11.2019** |
| **Revidert** | **dd.mm.åååå** |

PLANFORSLAG

**Innhald**


**1 Innleiing ........ 5**
**2 Skildring av ulike alternativ ........ 8**
**3 Metode ........ 8**

**4 Landskapsbilde ........ 12**
**5 Friluftsliv / by- og bygdeliv ........ 18**
**6 Naturmangfald ........ 23**
**7 Kulturarv ........ 27**
**8 Naturressursar ........ 31**
**9 Samla overordna vurdering ........ 39**

**10 Tiltaksområda ........ 40**
10.1 Område 1 Ny turveg ved sjøen frå Kletten til Bygdeparken ........ 41
10.2 Område 2 Ny turveg ved Legland ........ 43
10.3 Område 3 Ny vegtilkomst til bustadområde på Legland ........ 44
10.4 Område 4 Utviding av naustrekkje og veg ........ 46
10.5 Område 5 Utvida småbåthamn ........ 48
10.6 Område 6 Utvida areal knytt til ridehall ........ 50
10.7 Område 7 Ny grav- og urnelund ........ 52
10.8 Område 8 Eldrebustadar ved Jordmorsvingen ........ 55
10.9 Område 9 Flytande bustadar ........ 57
10.10 Område 10, Idrettsanlegg ........ 58
**11 Samla vurdering for tiltaksområda ........ 70**


PLANFORSLAG

# Føreord

Konsekvensutgreiinga er del av planforslag for områdeplan for Strandvik. Konsekvensutgreiinga er utarbeidd på oppdrag frå Fusa kommune. Konsekvensutgreiinga er basert på nye tiltak som ikkje er i samsvar med overordna plan og som ikkje tidlegare er konsekvensutgreia. Konsekvensar av planlagde tiltak vert vurdert i høve aktuelle vurderingstema som går fram av planprogrammet.

Arbeidet byggjer på informasjon frå skriftlege og munnlege kjelder, samt synfaring og feltarbeid i planområdet.

07.11.2019

ABO Plan & Arkitektur AS
Ola Klyve Dalland

PLANFORSLAG

# 1 Innleiing

Det er utarbeidd ein områdeplan for Strandvik med konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. I følgje lov og forskrift skal konsekvensutgreiinga inngå som ein integrert del av reguleringsplanarbeidet og skal vera ein del av avgjerdsgrunnlaget for områdeplanen. Planarbeidet er vurdert til å vere omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar. § 6 gjeld planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding. Jf. § 6 a) kjem områdeplanen innunder: «*kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II*».

Føremålet med konsekvensutgreiinga er å belyse konsekvensar ved arealdisponeringa i forhold til planlagt endra arealbruk. Områdeplanen skal fastsette plassering av byggjeområde, tilførselsvegar og andre tilhøyrande anlegg, samt sikre areal til gjennomføring av prosjektet.

Fusa kommune ønskjer som eit overordna mål utvikling av alle bygder og ønskjer særleg vekst i dei områda der folketalet aukar og folk ønskjer å bu. Delar av Strandvik er i kommuneplanens arealdel (godkjend 2015) sett av til sentrumsområde, og er i tillegg til Fusa og Holmefjord eit viktig bygdesenter (nærsenter) med ein funksjon for områda rundt. Oppstart av planarbeidet er eit initiativ frå Fusa kommune då det i arealdelen heiter at før byggeområde sett av til sentrumsføremål i Strandvik og før nye tiltak som krev søknad og løyve kan godkjennast, bør dei avklarast vidare i ein områdeplan. Planarbeidet er òg forankra i planstrategien der den er lista som ein av tre områdeplanar som skal starast opp i 2018. Overordna mål med områdeplanen er difor ei føreseieleg og berekraftig samfunnsutvikling og leggje rammene for utvikling av Strandvik, styre og auke attraktiviteten i sentrumsområdet. Viser til planomtalen for skildring av planframlegget.

For planarbeidet er det tatt utgangspunkt i eit av hovudsatsingsområda frå kommuneplanen sin samfunnsdel: **berekraftige lokalsamfunn**. Hovudfokuset for berekraftige lokalsamfunn skal vere Fusa som:

- Naturkommune- på lag med naturen
- Bukommune- trivsel for alle
- Arbeidskommune- rikt og variert næringsliv

Andre viktige satsingsområde for kommunen er:

- treffsikre kommunale tenester- gode kår i alle år
- samhandling og samarbeid- lagspel gjev gode resultat.

Planområdet er stort og omfattar ca. 460 daa. Bakgrunnen for storleiken er m.a. ønskje om å kunne gjere gode overordna vurderingar. Som grunnlag for og i planarbeidet er det frå kommunen og lokale aktørar kome fram til ulike hovudmål og tiltak som ein ynskjer skal vurderast/arbeidast vidare med, eller tiltak som skal inngå i områdeplanen:

- Sti og flaumsikring langs Vikaelva, for tilkomst/tilgjenge til elva og sjøen.
- Bygdepark med aktivitet både sommar og vinter med lyssetting
- Del av Fv. 122 som miljøgate frå Jordmorsvingen til brua før kyrkja, som forlenging av miljøgata og trafikksikring av mjuke trafikantar.
- Vidareutvikling av idrettsanlegg
- Innkøyring til oppvekstun og ny veg bak grendehuset
- Utviding av kyrkjegard, parkeringsplassar ved kyrkja, bru/gangveg til gravplass. Vegar og plassar vert tydeleggjort for betre samanheng, samt parkering i tilknyting til offentlege tilbod/aktivitetar
- Utretting og utbetring av hovudveg og etablering av løysing for mjuke trafikantar. Sikre gode tilhøve for mjuke trafikantar i heile planområdet.
- Gjestehamn ved den gamle dampskipskaien/molo ved naustrekkja
- Nye næringar som campingplass
- Grunnlag for konkrete vurderingar av krav til utforming for areal til framtidig bustadområde, f eks fjernverknad, vegframføring, rekkjefølgjekrav, buffersone mot landbruk og ta vare på kulturminne samt trygg og god vegframføring til dei nye bustadfelt.

PLANFORSLAG

- Oppdatere reguleringsplanar for naustrekkja og ridehallen.
- Sikre landbruksområdet bak naustrekkja. Ny vurdering av områda sett av til bustad i KPA som har dyrka/dyrkbar mark, enten ved endra arealbruk eller justeringar for korleis areala kan nyttast.
- Legge til rette for gangveg/sti frå hytteområdet nedanfor Kletten, via areal sett av til småbåthamn/campingplass, bak naustrekkja og mot bygdeparken/butikken.
- Sikre dei gode siktlinjene i sentrum
- Moglegheit for flytande bustader i sjø, jf. innspel til Strandvik bygdeutval. Vurdering må omfatte føremål, plassering, utforming, infrastruktur m.m.
- forslag til omlegging av delar av kommunal veg, Haugsvegen og vurdering av evt. ny vegtilkomst til område som i kommuneplanens arealdel ligg som framtidig bustadområde

Gjennom planprosessen og etter at planprogrammet vart godkjent er areala og tiltaka vurdert vidare. Tiltak som tidlegare ikkje er konsekvensutgreia i overordna plan eller tidlegare utgreia er konsekvensutgreidd her, men òg større tiltak som er føreslått i samband med prosessen som er i samsvar med overordna plan. I tillegg er sumverknaden av planen utgreia.

## 1.1 Utgreiingsprogram

Ulike vurderingar som grunnlag for konsekvensutgreiinga går fram av vedtatt planprogram. I vedtatt planprogrammet er det lagt til grunn eit utgreiingsprogram som grunnlag for vurdering av ulike nye tiltak og areal:

| FAGTEMA med ev. registreringskategoriar | KJEND KUNNSKAP / REGISTRERINGAR | UTGREIINGSBEHOV |
|---|---|---|
| **Landskapsbilde**:<br>• Topografiske hovudformer<br>• Romlege eigenskapar<br>• Naturskapte visuell eigenskapar<br>• Naturskapte nøkkelelement<br>• Vegetasjon<br>• Arealbruk<br>• Byform og arkitektur<br>• Menneskeskapte visuelle eigenskapar<br>• Menneskeskapte nøkkelelement | - «Nasjonalt referansesystem for landskap 2005»<br>- «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke<br>- Offentlege databasar<br>- Synlegheitsanalyse<br>- Synfaring | Verdivurdering av landskap og påverknad av nye tiltak for landskapsbilde som samla gjev ein grad av positiv eller negativ konsekvens. |
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv- Ferdselslinjer/soner:**<br>• Ferdselslinjer<br>• Blå/grøne korridorar<br>• Sykkelruter<br>• Turområde<br>**Friluftsliv/by- og bygdeliv- geografiske område:**<br>• Utfartsområde<br>• Nærturterreng<br>• Marka/bymark<br>• Urbane uteområde<br>• Leike- og rekreasjonsområde<br>• Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag<br>• Jordbrukslandskap som nyttast til friluftsliv<br>• Andre rekreasjons- og friluftsområde | - temakart<br>- topografiske kart<br>- ortofoto<br>- kommunedelplan<br>- offentlege registreringar<br>- databasar<br>- opplysningar frå Fusa kommune<br>- Synfaring<br>- www.ut.no | Kartlegge friluftsliv i område og verdi av dette samt korleis nye tiltak vil påverke friluftslivet. |
| **Naturmangfald:**<br>• Landskapsøkologiske funksjonsområde<br>• Verna natur<br>• Viktige naturtypar<br>• Økologiske funksjonsområde for artar<br>• Geostader | - Temakart<br>- Offentlege databasar som naturbasen, artsdatabanken, miljøstatus, | Nye tiltak si påverknad og konsekvensar for viktig naturmangfald, registrerte raudlista artar samt Vikaelva vil bli vurdert. Ved behov vil kartlegginga bli utvida til å |

PLANFORSLAG

| | | |
|---|---|---|
| | - Utførte rapportar<br>- Nye rapportar<br>- Synfaring | omfatte større område, influensområde. Området vil i denne samanheng bli vurdert etter prinsippa nedfelt i Naturmangfaldlova §§ 8-12 |
| **Kulturarv- kulturmiljønivå:**<br>• Gardsmiljø/fiskebruk m.m<br>• Kulturmiljø i tettbygde område<br>• Teknisk-industrielle kulturmiljø<br>• Stader det er knytt tru eller tradisjon til<br>• Forsvarsanlegg<br>• Kulturminne i utmark<br>• Andre kulturmiljø<br>**Kulturarv- landskapsnivå:**<br>• Kulturhistoriske landskap<br>• Infrastruktur<br>• Bystruktur | - Askeladden<br>- Skriftlege kjelder<br>- Hordaland fylkeskommune<br>- Kommunedelplan<br>- Interkommunal strandsoneplan<br>- Offentlege databasar<br>- Synfaring | Planarbeidet må vurdere påverknad av nye tiltak i høve vurdert verdi og kva konsekvens dei har for automatisk freda kulturminne og andre viktige/verneverdige bygningar i området |
| **Naturressursar:**<br>• Jordbruk<br>• Reindrift<br>• Utmark<br>• Fiskeri<br>• Vatn<br>• Mineralressursar | - Database norsk institutt for bioøkonomi<br>- Kystverket<br>- Fiskeridirektoratet<br>- NVE<br>- Offentlege kjelder/temakart<br>- Synfaring | Planarbeidet må utgreie påverknad og konsekvens av nye tiltak for dyrka mark, Vikaelva og naturressursar som ikkje er utgreia i overordna eller andre planar. |

PLANFORSLAG

# 2 Skildring av ulike alternativ

Planområdet er stort og omfattar ca. 460 daa. Bakgrunnen for storleiken er m.a. ønskje om å oppdatere vedtekne og pågåande planar i Strandvik, oppnå god kopling mellom sentrum og andre viktige område og fortetting med bustader i sentrum og i tilknyting til sentrum av Strandvik.

Konsekvensane av eit tiltak kjem fram ved å berekne eller vurdere forventa tilstand/påverknad etter gjennomføring av tiltaket mot forventa tilstand utan tiltaket, inkludert eventuelle avbøtande tiltak. Gjennom vurdering og samanstilling av eksisterande informasjon skal det søkjast å vurdere konsekvens av tiltaka for det enkelte fagtema som skal konsekvensutgreiast. Ein må ha ein referansesituasjon – nullalternativ - for å kunne vurdere konsekvensen av endringa/tiltaket. I denne plansaka er det vurdert eit alternativ i tillegg til 0-alternativet.

### 2.1.1 0-alternativet

Nye tiltak som er føreslått i planarbeidet er vurdert opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom planen eller tiltaket ikkje vert gjennomført. Dette inneber at areala innanfor planområdet vert vidareført som i vedtatt kommuneplan og reguleringsplanar.

### 2.1.2 Utbyggingsalternativ 1

Utbyggingsalternativet er nye tiltak eller arealbruk som er føreslått som del av planarbeidet. Arealbruk eller tiltak som er konsekvensutgreidd er arealbruk som ikkje er i samsvar med kommuneplanens arealdel eller er konsekvensutgreia i overordna plan. For å vurdere konsekvensen av eit utbyggingstiltak vil ein vurdere tiltaket si påverknad for dei ulike fagtema og kategoriar som skildra over og i utgreiingsprogrammet.

# 3 Metode

## 3.1 Metode

For å kunne vurdere fordelar og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket fører til. Ei føresetnad for konsekvensutgreiingar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Gjennom kunnskap om desse samanhengane kan konsekvensane av eit tiltak eller ein plan gjerast greie for. I konsekvensutgreiinga er tiltaket eller tiltaka alltid årsak. Det er viktig å halde orden på samanhengen mellom tiltak og konsekvens for å få med alle konsekvensar, men også for å unngå dobbeltellingar. Konsekvensutgreiinga er sluttproduktet av ein gjennomgang, der konsekvens er resultatet av vurdering av utgreiingstemaet sin verdi i forhold til tiltaket sitt omfang. Ei konsekvensutgreiing må basere seg på fagleg skjønn, subjektive vurderingar og på grunnlag av objektive kriteria. Dette gjeld både fastsetting av områdets verdi, tiltakets påverknad og verknadene av dette i det råka området og ved vurdering av konsekvens.

I følgje vedtatt planprogram er det arealbruksendringar som er i strid med kommuneplanens arealdel som skal konsekvensutgreiast. Med bakgrunn i dette er areal som er vidareført eller detaljert i samsvar med eksisterande utbygging eller planlagt situasjon, ikkje konsekvensutgreia på arealnivå, men vurdert som del av samla konsekvensutgreiing av planforslaget. Konsekvensutgreiinga på arealnivå omfattar ikkje-prissette konsekvensar. Tema som vert konsekvensutgreidd som del av planen følgjer til ein viss grad handbok V712 for ikkje-prissette konsekvensar. Kva metode som er nytta og kva som ligg til grunn for vurderingar for dei ulike tema kjem fram under temaskildringa i kapitla under. Vidare er viktige prinsipp frå handboka nytta der det er høveleg og konsekvensutgreiinga for enkelt areal/område/tiltak vert utgreia for følgjande tema:

- **Landskapsbilde:** det romlege visuelle landskapet
- **Friluftsliv/by- og bygdeliv:** landskapet slik folk opplev og bruker det
- **Naturmangfald:** det økologiske landskapet
- **Kulturarv:** det kulturhistoriske landskapet
- **Naturressursar:** produksjonslandskapet

Konsekvensutgreiinga vurderer om nye tiltak og innspel som vert fremja med planforslaget eller vurdert i planarbeidet, vil få positive eller negative konsekvensar for vurderte tema. Konsekvensane av nye tiltak skal vurderast på grunnlag av områda sin verdi og tiltaket si påverknad for dei ulike utgreiingstema.

PLANFORSLAG

Tre omgrep står sentralt når det gjeld vurdering og analyse av konsekvensar for nye tiltak: verdi, tiltakets påverknad og konsekvens.

### 3.1.1 Verdi

For område som det skal utarbeidast konsekvensutgreiing for vert området gitt ein verdi. Verdi vert uttrykt gjennom tilstand, eigenskap og utviklingstrekk for deltema. Verdien vert fastsett etter utan betyding – noko – middels – stor – svært stor. Verdi kan vere av nasjonal, regional eller lokal betyding.




### 3.1.2 Tiltakets påverknad

Tiltakets påverknad er mål på kor store endringar tiltaket kan medføre for gjeldande deltema, etter skala sterkt forringa – Forringa – Noko forringa – Ubetydeleg forringa - Forbetra. Omfanget vert vurdert i forhold til referansesituasjonen (nullalternativet). Påverknad skal vurderast for dei same miljøa eller områda som er verdivurdert. Vurderinga bygger på kunnskap om verdiane i delområda, kunnskap om tiltakets fysiske utforming og kunnskap om korleis tiltaket påverkar verdiane i delområda.




### 3.1.3 Konsekvens

Konsekvens vert fastsett ved samanstilling av verdi og påverknad for eit område eller miljø. Negativ konsekvens er knytt til verdiforringing av eit område, medan positiv konsekvensgrad føreset ein verdiauke etter at tiltaket er realisert. Skala går frå 4 minus til 4 pluss. Ved å samanstille verdi og påverknad i konsekvensvifta blir det gitt ein konsekvens for alternativet for det aktuelle miljøet.




Skala for konsekvens graden som er delt inn frå 4 minus til 4 pluss:

| Skala | Konsekvensgrad | Forklaring |
|---|---|---|
| - - - - | 4 minus (----) | Den mest alvorlege miljøskaden som kan oppnåast for delområdet. Gjeld kun for delområde med stor eller svært stor verdi |
| - - - | 3 minus (---) | Alvorleg mljøskade for delområde |
| - - | 2 minus (--) | Betydeleg miljøskade for delområde |
| - | 1 minus (-) | Noko miljøskade for delområde |
| 0 | Ingen/ubetydeleg (0) | Ubetydeleg miljøskade for delområde |
| +/++ | 1 pluss (+)<br>2 pluss (++) | Miljøgevinst for delområdet:<br>Noko forbetring (+), betydeleg forbetring (++) |
| +++/<br>++++ | 3 pluss (+++)<br>4 pluss (++++) | Nyttast i hovudsak der delområde med ubetydeleg eller noko verdi får ein svært stor verdiauke som følgje av tiltaket |

Usikkerheit i vurderinga av dei ikkje-prissette konsekvensane vil framkome i fire ledd:
Registreringsusikkerheit

- Vurdering av verdi
- Vurdering av påverknad
- Vurdering av enkeltkonsekvensar
- Vurdering av samla konsekvens

Usikkerheit i vurdering av konsekvens for kvart delområde/miljø er eit resultat av usikkerheitene i registrering, verdivurdering og påverknad. Når den samla konsekvensen for temaet vert fastsett, vert det introdusert ein usikkerheit i vekting mellom ulike delområde/miljø. Samla usikkerheit er summen av usikkerheita ved kvar enkelt ikkje-prissett konsekvens. Denne vurderinga er kompleks ettersom det både dreiar seg om vurdering av usikkerheit ved alle konsekvensar og samspel mellom sikkerheitene på tvers av konsekvensane ved tiltaket.

For tiltak eller områder som vert konsekvensutgreidd kan det òg bli føreslått skadereduserande tiltak for å avgrense verknaden av tiltaket.

### 3.1.4 Data- og kunnskapsgrunnlag

Informasjon om arealbruk og eigedomar som vert råka er henta frå offentlege databasar, andre temakart, topografiske kart og ortofoto. I tillegg har Fusa kommune medverka til registrering og opplysningar om bruk av areal. Synfaring er gjennomført i området i samband med prosjektet og utgreiing av tema i konsekvensutgreiinga. Dei ulike tema er så langt råd utgreia med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar. ArcView og Gemini er nytta som verktøy for analyse, utarbeiding av temakart og som grunnlag for tilhøyrande konsekvensvurderingar. Det er vurdert at tilgjengeleg og innhenta informasjon om arealbruk, eigedomar og ulike tema i området er tilstrekkeleg kunnskapsnivå som grunnlag for vurderingar og avgjersler.

Det er viktig å klarlegge i kva grad dei føresetnadane analysane bygger på er sikre eller usikre, og korleis endring i usikre føresetnader vil kunne påverke lønnsemda/vurderinga av tiltaka. Planen er utarbeidd som ein område-regulering, og såleis er grad av detaljar sett på eit noko overordna nivå. Konsekvensutgreiinga er i hovudsak basert på eksisterande kunnskapsgrunnlag, synfaringar og rapportar. Rapportar som er nytta som grunnlag for utgreiinga er LivOGlyst: Alt skjer i Strandvik (2013) og grunnlag frå vedtekne og pågåande planar i området. I tillegg har medverknad vore eit viktig grunnlag for planarbeidet.

### 3.1.5 Oppsett og framstilling

Område eller nye tiltak med utbyggingsføremål som ikkje tidlegare er konsekvensutgreia i overordna plan eller andre planar eller større tiltak som er spelt inn i planarbeidet vert konsekvensutgreidd med utgangspunkt i dette oppsettet:

PLANFORSLAG

| | | |
|---|---|---|
| **Tiltaksområde X** | | |
| **Planstatus** | | |
| **Planlagt føremål** | | |
| **Arealstorleik** | | |
| **Omtale av området** | | |
| **Tema** | | |
| **Landskapsbilde** | Verdi | Konsekvens |
| | Vurdering/påverknad | |
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv** | Verdi | Konsekvens |
| | Vurdering/påverknad | |
| **Naturmangfald** | Verdi | Konsekvens |
| | Vurdering/påverknad | |
| **Naturressurs** | Verdi | Konsekvens |
| | Vurdering/påverknad | |
| **Kulturarv** | Verdi | Konsekvens |
| | Vurdering/påverknad | |
| **Samla vurdering** | | |
| **Konklusjon** | | |

Konsekvens for strandsona når det kjem til overordna føringar for 100-metersbeltet langs sjøen er vurdert i planomtalen. Verknad for strandsona i høve nær- og fjernverknad vert vurdert under tema landskap i konsekvensutgreiinga. Strandsona er òg utgreia i høve tema nærmiljø og friluftsliv.

PLANFORSLAG

# 4 Landskapsbilde

Utgreiing av landskap gjeld synleggjering og konsekvensar av tiltaka sin tilpassing til terreng, landskap og omgjevnader vurdert gjennom nærverknad og fjernverknad.

Rapporten «*Nasjonalt referansesystem for landskap 2005*» utarbeidd av Oscar Puschmann er eit landsdekkande datagrunnlag som skildrar landskapet på eit regionalt nivå ut frå eit samanliknbart kunnskapsgrunnlag for heile landet. Rapporten deler inn landskapsregionar med tilhøyrande skildring. I tillegg til referansesystemet for landskap er rapporten «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke» Aurland Naturverkstad 2011 nytta. Rapporten omfattar oversikt og verdifordeling av områder innanfor kvar landskapstype, samt skildring av landskapskarakteren.

I rapporten «*Nasjonalt referansesystem for landskap 2005*» er landskapet i området klassifisert i underregion *«breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger»*. Området ligg ved inngangen til Sævareidfjorden og er innanfor landskapsregion 21-01-04 ytre fjordbygder på Vestlandet, Bjørnafjorden, etter Norsk institutt for bioøkonomi si klassifisering av landskapsregionar. Landskapstypen er kjenneteikna med *områder med til dels stor utstrekning, med sjøflater og er mektig mellom fjell og fjordsider. Relieff kan variere mykje og for dette landskapet er det opne sjøområde med svak romavgrensing og visuell kontakt til det opne hav.* Området ved Bjørnafjorden skil seg ut som eit særskild storskala fjordbasseng. Verdien av området er vurdert til stor då det inngår i ein særleg inntrykkssterk og heilskapleg utforming med god balanse mellom topografi, arealbruk og variasjon av vegetasjon og landskapselement. Felles for områda er at den visuelle kontakten mellom fjordsidene er såpass svak at vanlege aktivitetar og tiltak på ei av fjordsidene i mindre grad vil påverke landskapsbiletet sett frå andre sida, medan utbygging av større hamneterminalanlegg, ilandføringsinstallasjonar, steinbrot og andre tiltak som vil eksponere fjordsidene vil kunne virke inn og endre viktige trekk ved landskapskarakteren.




Figur 1. Landskapsklassifisering og verdisetting. Kjelde: Kart i vest, HFK

Vikaelva som kjem ned frå Fusafjellet mot sjø gjennom området er eit viktig element. Topografien i området, særleg nedre del, er relativt flat der elva meandrerer seg frå Fusafjellet og ut i sjø. Med unntak av området ved elvemunninga stig topografien bratt opp frå sjø mange stader og særleg områda aust for elva. Topografien elles i området er prega av ulike platå i skrånande terreng, men heile planområdet er ein del av eit større «delta» i stor kontrast til dei høge fjella mot nord. Høgdefordelinga innanfor planområdet er frå havnivå til ca. 60 moh. Busetnaden i området er i hovudsak langs Vikaelva, men spreidd. Fylkesveg 122 er sentrale akse gjennom området, og er til dels tydeleg i landskapet.



Figur 2. Foto av Strandvik sett frå nord mot sør. Foto er henta frå rapporten LivogLyst prosjektet «Alt skjer i Strandvik».



Figur 3. Eksisterande landskap og busetnad på sørsida av elva. Kjelde: www.kommunekart.com.

Sentrumsfunksjonane er avgrensa til områda ved dagens forretning, kyrkje, grendahus, skule og barnehage. Området er prega av spreidd busetnad og jordbruksareal i aktiv bruk. Her er eit kort utdrag frå rapporten LivogLyst prosjektet «Alt skjer i Strandvik» som skildrar dagens situasjon.

- Utsikt frå Jordmorsvingen er viktig. Her får du oversikt og presentert bygda når du kjem til den med bil. Ein ser alle dei viktigaste bygningane og elementa som er identitetsskapande for bygda.
- Handelslagstranda med kafé/restaurant i det gamle handelslaget og den gamle dampskipskaia er autentisk og skaper stemning og miljø. Her presenterer Strandvik seg når ein kjem til bygda frå aust.
- Utsikt til naustrekkja er viktig, då denne er eit av dei mest identitetsskapande elementa i Strandvik.



Figur 4 Frå Liv og lyst prosjektet «Alt skjer i Strandvik». 2013.

For delområde mellom butikken, Vikelva og sjøen er det utarbeida detaljregulering av Strandvik bygdapark. I arbeidet har Smedsvik landskapsarkitekter AS utarbeida skisser for utforming av parken, som skal vera fellesareal for bygda med soner knytt til aktivitet og samlingsplassar. I prosjektet er det lagt vekt på å forsterke at Strandvik er ein stad der folk trivst, ønskjer å komme tilbake til, møteplass som er ope for alle og som gir ei minnerik oppleving. Deler av parken er under utbygging, og vil verta eit sentralt møtepunkt i byda.



Figur 5. Illustrasjonar frå Smedsvik landskapsarkitekter AS over Strandvik bygdapark. Til venstre: *Sommarparken*. Til høgre: *Vinterparken*.

## 4.1 Vurdering av verdi

Samla for heile planområdet er følgjande verdivurdering:

| Verdi aspekt | Verdivurdering |
|---|---|
| Visuelle kvalitetar | Delområde langs Vikelva har gode visuelle kvalitetar og er ein viktig lokal identitet innanfor planområdet. Naustrekkja ved sjøen i aust er ein del av den lokale identiteten for området. Dei samanhengande grasbakkane med stigande terreng i kring sentrum karakteriserer området. Jordbruksproduksjon er sentralt i området.<br>VERDI: Noko verdi. |
| Heilskapleg variasjon | Planområdet varierer frå bygdesentrum, spreidd busetnad, bustadfelt, idrettsanlegg, grøne lunger og store samanhengande jordbruksareal, samt sjø og elv. Det er relativt klart definerte område for utbygging og område med grøne interesser (jordbruk, elv og skogkledde fjellsider).<br>VERDI: Noko til middels verdi |
| Særpreg | Det er delområde innanfor planområdet med særpreg: Vikelva, naustrekkja, Langelandshagen, området med gamle butikken og kyrkja. I framtida vil også Strandvik bygdepark bidra til å prege bygda. Elles er området særprega av å vera ope og spreidd utbygd.<br>VERDI: Noko verdi |
| Byform / bystruktur | Strandvik er i dag lite prega av tradisjonelle bystrukturar eller -formar, men har tydelege formar som vanlege bygder har med sentralt etablerte funksjonar som skule, barnehage, forretning, idrettsanlegg med meir. Dei offentlege tilboda er konsentrert i områda ved forretninga og Strandvikvegen.<br>VERDI: Utan betydning |
| Arkitektur | Det er ingen ruvande bygg eller anlegg i planområdet sett i eit større perspektiv, dersom ein ser vekk frå kyrkja som i dag er det høgaste bygningen i området. I mindre skala finst det bygg og anlegg som dominerer i volum, men få i høgda. Dagens bygningsmasse er tilpassa landskapet som stig frå sjøen. Utanom kyrkja er det få dominerande bygningar.<br>VERDI: Noko verdi |
| Totalinntrykk | Enkeltståande utbyggingsområde har ein god tilpassing til områda dei ligg i. Sett heile planområdet under eitt er det ulik stil/form og samansetning av typar bygg og funksjonar, noko som gir dels eit uryddig totalinntrykk. Samstundes er dei ulike funksjonane relativt avgrensa til spesifikke område. Dagens utbyggingsområde og bygg er tilpassa landskapet og gir eit samla godt totalinntrykk.<br>VERDI: Noko til middels verdi |
| Representativitet | Landskapstypane som inngår i planområdet er ikkje sjeldne i regionen. |
| Prioriterte landskapsområde | Det er ikkje registrert verna område etter NML §§ 35-39 eller verdifulle landskap innanfor planområdet. |




Figur 6. Samla verdivurdering for planområdet.

## 4.2 Planen sin verknad

Samla for heile planområdet er følgjande påverknad på landskapsbilde vurdert:

| | Planen sin påverknad |
|---|---|
| Forankring og lokalisering | Dei nye tiltaka i planen er lokalisert nær eksisterande tiltak og utbyggingsområde. Samla sett vil planframlegget i mindre grad bryte med landskapsbildet sin karakter, då planframlegget ikkje fremjar mange nye eller større utbyggingsføremål utover dagens plansituasjon. Planen gir meir detaljerte føringar enn dagens plansituasjon gjer. Det er regulert grøne soner eller korridorar for å knyte saman område/landskap eller for å bevare dei opne landskapsromma eller viktige strukturar. Som t.d. grønstruktur langs Vikelva, mellom idrettsanlegg og kyrkjegard mot sentrums- og |

PLANFORSLAG

| | |
|---|---|
| | offentleg-føremål, samt LNF føremål i område med ope område med jordbruksaktivitet. Samla er det vurdert at tiltaka og føringane er godt forankra i landskapet<br>PÅVERKNAD: Ingen/ubetydeleg endring til noko forringa |
| Landskaps- og terrenginngrep | Nye tiltak i planframlegget, saman med vidareføring av eksisterande utbyggingsområde vil medføre tiltak i terreng og landskap. Samla sett fremjar planen mindre nye tiltak og terrenginngrep. Større opne jordbruksområde vert teke vare på slik som dei er i dag, som LNF-føremål.<br>Planframlegget vil ikkje medføre større terrenginngrep som vil endre landskapskarakteren i Strandvik.<br>PÅVERKNAD: Ingen/ubetydeleg endring til noko forringa |
| Skala | Ingen av tiltaka i planforslaget bryt med skalaen i det overordna landskapet. Innspel om større tiltak som nytt idrettsanlegg og flytande bustadar er ikkje teke med i planforslaget grunna omsyn til landskap. Delområde kan bryte med den lokale skalaen ved utbygging i bratt terreng og i strandsona, men desse tiltaka er avgrensa i omfang og storleik. Samla sett er planen tilpassa landskapet i Strandvik.<br>PÅVERKNAD: Ingen/ubetydeleg endring til noko forringa |
| Linjeføring | Samla sett er planen tilpassa landskapsrommet i Strandvik ved at nye tiltak er knytt til eksisterande utbyggingsområde/tiltak, og endrar ikkje det store landskapsrommet. Siktlinene i frå sentrum til sjø og naustrekkja er teke vare på ved at det ikkje er opna for nybygg som skapar uheldige barrierar. Areala sør for sentrum er i hovudsak avsett til LNF og omsynssoner for landbruk og/eller kulturmiljø. Dagens siktlinje frå Jordmorsvingen mot sjø er vidareført.<br>PÅVERKNAD: Ingen/ubetydeleg endring |
| Arkitektonisk utforming | Dette er ein områdeplan der detaljar kring utforming ikkje vert sett. Det er sett krav i føresegnene som fremjar god arkitektonisk utforming av nye tiltak.<br>PÅVERKNAD: Ingen/ubetydeleg endring |




Illustrasjonar av nye tiltak i planområdet, med mogleg plassering/utforming












Figur 7. Samla vurdering påverknad for planområdet.

## 4.3 Konsekvens

Samla konsekvens for heile planområdet i tema landskapsbilde.




Figur 8. Samla konsekvens for tema landskapsbilde.

# 5 Friluftsliv / by- og bygdeliv

Friluftsliv vert definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Omgrepet by- og bygdeliv er definert som opphald og fysisk aktivitet i byar og tettstader. Grunnlaget for vurdering av nærmiljø og friluftsliv er henta frå temakart, topografiske kart, ortofoto, kommunedelplan, samt offentlege registreringar, databasar og opplysningar frå Fusa kommune. I kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er det peika på at dei attraktive areala for friluftsliv i kommunen er område langs sjø, vatn og vassdrag, i skogen og på fjellet der folk kan gå på tur, leika, jakta, fiska, sykle osv. I tillegg er bevaring og utvikling av grøne areal i og tett på område med utbygging viktige sett i perspektivet nærfriluftsliv og folkehelse.

<u>Frilufts- og turområde</u>

Frå Strandvik er det kort avstand til skog og fjellområde og med stor grad av tilgjenge. Strand- og sjøområda utanfor Strandvik er registrert som regionalt friluftsområde, Sævareidfjorden, som eit viktig friluftsområde i sjø. Vest for planområdet ligg Vinnes som er eit mykje nytta friluftsområde, som òg ligg innanfor friluftsområdet, Sævareidfjorden. Eit større område nord for planområdet er klassifisert som regionalt friluftsområde, Fusafjellet, og definert som *Store turområde utan tilrettelegging*. Innanfor planområdet er det ingen registrerte statleg sikra friluftsområde, men eit statleg sikra område, Skjelevika, ligg nordaust for planområdet. Andre friluftsområde som er lokalt svært viktige friluftsområde innanfor planområdet er Åkrabakken, Handelslagsfjæro og delvis Kletten. Aust for Vikelva går fotturen *Gamle postveg* mellom Strandvik og Fusa, her startar også fotturar t.d. til Langenuen og Breistølshytta.

PLANFORSLAG



Figur 9 Oversikt registrerte friluftsområde i og rundt planområdet. Naturbasen.



Figur 10. Venstre: Regionale friluftsområde nær Strandvik. Kjelde: Hordaland fylkeskommune. Høgre: Turvegnett, sommar. Kjelde. Ut.no.

Strandsone

Kommunen har kartlagt funksjonell strandsone for delar av kommunen, som skal nyttast som ein del av vurderingsgrunnlaget for sakshandsaming av alle tiltak i strandsona (KPA). Deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet i strandsona og innanfor funksjonell strandsone, sjå figur under. Det er relativt god tilgjenge til sjøen innanfor planområdet ved naustrekkja og langs Håvikvegen.



Figur 11. Utsnitt av funksjonell strandsonekartlegging Fusa kommune.

<u>Urbane uteområde / gangsystem og grøntareal</u>
I Strandvik sentrum er det arbeida med og godkjend reguleringsplan for ein bygdepark med ulike aktivitetar og med mål å auke tilgjenge til Vikaelva. Med grunnlag i Liv og lyst programmet der fokuset var utvikling av det gamle sentrum for å skapa møteplassar og aktivitet for heile bygda har Hordaland fylkeskommune gjeve støtte til folkeparken. I tillegg pågår arbeid med planar for flaumsikring av Vikelva. Det er ønskeleg at flaumsikring av nedre del av elva frå brua mot fjorden vert utført først. Planen er å nytte massar frå elva til fyllmassar i parken og slik heve nivået på parken med tanke på flaumar. Parkarealet er planlagt overlate til Strandvik bygdeutval, som offentleg areal. Arbeidet med bygdeparken er innarbeida i planarbeidet.

Strandvik har i dag ein god del funksjonar som fremjar bygdelivet og er positivt i eit folkehelseperspektiv som t.d. barnehage, barneskule, sandvolleyballbanar, fotballbane, kyrkje, forretning og ridehall. Det er i dag avgrensa separat gangareal/gangsti mellom bustadområda (òg til bustadområde utanfor planen), skular, barnehage, handlesenter og andre offentlege tenester innanfor planområdet. Det er eksisterande fortau frå barnehagen, forbi skulen og forretninga, og fram til brua over Vikelva, så vidare frå brua og ut til Handelslaget (bevertning). Det er lett tilgang til friluftsområde utanfor planområdet, fjellområde og strandsone/sjø.

## 5.1 Vurdering av verdi

Samla for heile planområdet er følgjande verdivurdering:

| Verdi aspekt | Verdivurdering |
|---|---|
| Bruksfrekvens | Det er fleire delområde og element som vert nytta av fleire, som m.a. idrettsanlegg med sandvolleyballbaner mm, friluftsområda Åkrabakken og Handelslagsfjero, samt turløypenett med start ved kyrkja. VERDI: Middels |
| Betydning | Det er fleire delområdet og element som har lokal betydning for spesielle aktivitetar og som sosial møteplass, som m.a. idrettsanlegg, friluftsområda Åkrabakken og Handelslagsfjero.<br>VERDI: Noko verdi |
| Kvalitetar | Det er ulik kvalitet og attraktivitet for dei ulike delområda i planområdet. Samla sett er det vurdert at det er attraktivt for nokon grupper. |

| | |
|---|---|
| | VERDI: Noko verdi til middels verdi |
| Kartlagde frilufts-område i naturbase | Deler av planområdet ved sjø er klassifisert som regionalt friluftsområde, Sævareidfjorden, samt lokale friluftsområde Åkrabakken og Handelslagsfjero. Områda er gitt verdi svært viktig.<br>VERDI: Middels til stor verdi |



Figur 12. Samla verdivurdering for planområdet.

## 5.2 Planen sin verknad

Samla for heile planområdet er følgjande påverknad på friluftsliv / by- og bygdeliv:

| | **Planen sin påverknad** |
|---|---|
| Opplevingskvalitet | Dei fleste tiltaka vil utgjere ingen eller liten forskjell med omsyn til opplevingskvalitet. Medan tiltak knytt til tursti og bygdepark vil gjera området meir attraktivt enn dagens situasjon ved at planen opnar for nye tiltak og utbetring og attraktive rekreasjonsområde. Planframlegget legg til grunnlag at landskapskarakteren i Strandvik skal oppretthaldast, og opplevingskvalitetar som t.d. Vikelva og strandsona er vidare ført og fremja ved bruk av arealføremål som grønstruktur og badeområde, friområde. Det er opna for få nye tiltak i planen, og ny turveg, samt utviding av naust- og småbåthamnføremål gir auka grunnlag for bruk av områda til rekreasjon og oppleving. Utarbeiding av Strandvik bygdepark vil også vera positivt for opplevingar og kvalitetar i bygda.<br>PÅVERKNAD: Forbetra |
| Areal / omfang | Planen fremjar ikkje tiltak som vil øydelegge eller forringe registrerte kvalitetar eller kartlagde friluftsområde.<br>PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring |
| Tilgjengelegheit / barriere | Dei fleste tiltaka vil utgjere ingen eller liten forskjell med omsyn til tilgjengelegheit eller barriere. Strandsona vil vera, som i dag, hovudsakleg tilgjengeleg. Viktig strandsoneareal for ålmenta er teke vare på som friområde og badestrand (GF og GB). Ny turveg ved sjøen, samt moglegheit for gangbru over Vikelva ved idrettsanlegget knyt saman delområde i planområdet.<br>PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring til forbetra. |
| Bruk av området/ ferdslesamband | Dei fleste tiltaka vil utgjere ingen eller liten forskjell med omsyn til bruk av områda/ ferdselssamband. Medan tiltak knytt til tursti og regulert fortau langs fylkesvegen vil gjera området meir attraktivt enn dagens situasjon ved at planen legg til rette for utbetring av dagens situasjon.<br>PÅVERKNAD: Forbetra |
| Lydbilde | Det er ikkje forventa at planframlegget vil endre lydbildet innanfor planområdet då det ikkje er planlagt for støyande verksemder eller større og tyngre utbyggingar som vil endre lydbildet vesentleg. Planframlegget fremjar ingen større utbyggingar som gir stort potensiale for endring i lydbilde frå trafikk.<br>PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring |
| | |

PLANFORSLAG




Figur 13. Oversikt som viser planlagt/regulert situasjon.




Figur 14. Samla vurdering påverknad for planområdet.

## 5.3 Konsekvens

Samla konsekvens for heile planområdet i tema friluftsliv / by- og bygdeliv.




Figur 15. Samla konsekvens for tema friluftsliv / by- og bygdeliv.

# 6 Naturmangfald

Formålet med analysa er å bringe fram kunnskap om naturmangfaldverdiane i området og influensområdet og belyse korleis dei ulike alternativa vil kunne påverke desse. Naturmangfald er biologisk mangfald, landskapsmessig mangfald og geologisk mangfald som ikkje i det alt vesentlege er eit resultat av menneskets påverknad (Naturmangfaldlova, nml). Grunnlag for tema naturmangfald er henta frå temakart, tidlegare registrering og offentlege register. Vurdering bygger på eksisterande registrerte data frå naturbasen, artsdatabanken og Miljøstatus i Hordaland m.m.

Planområdet er spreidd bygd med ein stor del innmark mellom dei utbygde områda. Areala nærast sjø er òg dels utbygd med naustrekkje og køyreveg. Areala langs Vikaelva er viktige areal for naturmangfald ved at det er ei samanhengande grøn sone langs elva. Vegetasjonen langs elva er lauvdominert. Sona frå stranda og langs elva kan sjåast som å vera ein del av eit større landskapsøkologisk funksjonsområde med mindre hindringar eller forstyrrande element for dyr og planter som strekk seg langs elva og vidare til skogsområda nord for planområdet. Samstundes har elva betydning som ein del av landskapet sin grøne infrastruktur.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller område for artar av særleg stor forvaltningsinteresse innanfor planområdet, men ein del artsførekomstar/ observasjonar. Det er registrert gråspett (livskraftig), gulspurv (nær trua NT) og stær (nær trua) langs fv. 122 Strandvikvegen. Langs naustrekkja i Strandvik i sjø og på land nær sjø er det registrert svartbak (livskraftig), skjærpiplerke (livskraftig), vipe (strekt trua EN), maktrellterne (sterkt trua EN), fiskemåke (nær trua NT), taksvale (nær trua NT) og sandsvale (nær trua NT). Utanom desse er det ikkje registrert andre utvalde naturtypar eller prioriterte artar. Innanfor planområdet er det langs Vikaelva registrert parkslirekne, som er ein svartelista/framand art.



Figur 16 Utsnitt som viser naturmangfaldregistreringar i Naturbasen.

Gjennom området renn Vikaelva som er eit viktig blå-grønt element i landskapet. Vikaelva har eit nedbørsfelt på 9,2 km$^2$ og er tidevasspåverka opp til fylkesvegsbrua aust for skulen. Om lag 600 meter frå sjøen delar elva seg i to løp, der løpet frå nord er litt større enn det vestre løpet. I frå brua og oppover er elva relativt flatt terreng og prega av grunne kulpar og stryk. I 2017 gjennomført Rådgivende biologer ei fiskeundersøking der habitatforhold og

vandringshinder, samt elektrofiske for å undersøke bestandssituasjonen. Det er ingen større gyteområde i nedre del av elva, og elles er det generelt brukbare til gode moglegheiter for skjul for ungfisk, men relativt frå standplassar for gytefisk av laks og sjøaure. Langs deler av elva er det gjennomført flaumsikring og dette har innsnevra elveløpet og forringa habitatforholda for fisk samanlikna med naturleg habitattilstand. I tillegg er mykje av kantvegetasjonen fjerna. I følgje Rådgivende biologer har vassdraget ein sjøaurebestand, men vassdraget er ikkje omtala i lakseregisteret eller i offentleg fangsstatistikk for anadrome vassdrag. I det nordlege elveløpet er det ein demning om lag 400m opp i elva som er eit vandringshinder for anadrom fisk, medan det er ein liten foss ca. 670m opp i elva som er passerbar når det er gunstige vassføringar.

Sjøområda er ein del av kystvassførekomsten, Bjørnafjorden, som er av vasstype moderat eksponert kyst og er klassifisert til å ha god økologisk tilstand. Den kjemiske tilstanden er klassifisert som dårleg pga. det er påvist kvikksølv i krabber.

I nærleiken av planområdet er det to naturreservat knytt til sjøfugl: Steglholmen og Gåseskjer. I tilknyting til desse er det registrert område med viktig naturverdi, område med stor forvaltningsinteresse (fiskemåke og makrellterne).




Figur 17. Kart som viser områder registrert med viktig naturverdi.

Berggrunnen i planområdet er i NGU`s berggrunnskart registrert med albittglimmerskifer, grønskifer og meta-arkose, kvartsskifer, samt kvartsglimmerskifer/kvartskonglomerat. Lausmassedekket er beståande av forvitringsmateriale og bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke. Det er ikkje registrert geostad innanfor planområdet. Nærmaste geostad er sørvest for planområdet, Djupvik, som er lokalisert langs stranda mellom Djupvik og Salbuvik.

## 6.1 Vurdering av verdi

Samla for heile planområdet er følgjande verdivurdering:

| Verdi aspekt | Verdivurdering |
|---|---|
| Landskapsøkologiske funksjonsområde | Store deler av planområdet er jordbruksområde med spreidde utbygde område med små lunger av grøn infrastruktur. Den viktigaste landskapsøkologiske sona er langs elva og sjøen. Denne er vurdert til å ha viktig verdi særleg for fisk og fuglar.<br>VERDI: Noko til middels verdi |

| | |
|---|---|
| Verna natur | Det er ikkje verna natur innanfor planområdet.<br>VERDI: utan betyding |
| Viktige naturtypar | Det er ikkje registrert naturtypar innanfor planområdet, og heller ingen utvalde naturtypar. VERDI: Utan betyding |
| Økologiske funksjonsområde for artar | Det er ikkje registrert kartfesta økologiske funksjonsområde for artar innanfor planområdet, men det er registreringar av artar av forvaltningsinteresse.<br>Det er elles grunn til å tru at leveområda langs Vikaelva er lokalt viktige for artar med miljøkrav knytt til elv, fossefall og ferskvatn. <u>*Utdrag frå Rådgivende biologer sin rapport:*</u> *Det er generelt gode habitatforhold for laksefisk i Vikaelva, og for sjøørret er produksjonspotensialet per arealenhet relativt høyt. Funn av en laksesmolt viser at laks også kan gyte i elven, men dette forekommer sannsynligvis ikke hvert år. Det er dermed ikke snakk om en egen laksebestand, men sporadisk rekruttering av denne arten.*<br>VERDI: middels til stor verdi |
| Geostadar | Det er ingen geologiske førekomstar av betydning innanfor planområdet. Geostaden Djupvik ligg om lag 1,5 km i luftlinje frå plangrensa i sørvest.<br>VERDI: utan betydning |




Figur 18. Samla verdivurdering for planområdet.

## 6.2 Planen sin verknad

Samla for heile planområdet er følgjande påverknad på naturmangfald:

| | **Planen sin påverknad** |
|---|---|
| Økologiske og landskapsøkologiske funksjonsområde for artar | Det er planlagt tiltak i naturområde, men det er ikkje planlagt nye tiltak som vil splitte opp eller forringe areala slik at funksjonar vil verta brote. Områdeplanen opnar ikkje for nye tiltak langs elva utover det som er godkjent i reguleringsplan for Strandvik bygdepark, moglegheit for etablere ny gangbru frå idrettsanlegget mot Vik og Hauge, samt ny grav- og urnelund.<br>Tiltaka langs elva knytt til bygdeparken og sikring av elva er av eit større omfang og vil i anleggsperioden kunne svekke og forringe verdiane av betyding. Rapport frå Rådgivende biologer skildrar påverknad ved opprusting av nedre del av elva og mudring i elveosen slik: *Nedre del av Vikaelva er i dag allereie påverka av sjøvatn ved flo sjø og er difor eit område som ikkje vert nytta til gyting og oppvekst av ungfisk av sjøaure. Det er ikkje registrert verdifulle artsførekomstar eller naturtypar i denne delen av elva. Rapporten skildrar at elveløpet bør ikkje snevrast inn og tiltak langs elva vidare oppover må avgrensast då elvebotnen inneheld habitat som er veleigna for sjøaure. Sediment i utløpet av elva er ikkje forureina og det vil ikkje være naudsynt med omfattande tiltak for å hindre spreiing av miljøgifter.*<br>Det er planlagt tiltak der det er registrert svartelista art, parkslirekne. Graving og flytting av massar med parkslirekne bør unngåast og berre gjennomførast dersom direkte tiltak på vekseplassen er umogleg å gjennomføre.<br>Gjennomføring av tiltak i og ved Vikelva knytt til Bygdaparken er under prosjektering og i søknadsfase. Avbøtande tiltak vil bli sett krav om og gjennomført i samband med denne søknadsprosessen.<br>PÅVERKNAD: Noko forringa. |
| Viktige naturtypar og geostadar | Ingen av naturtypar og geostadar i nærleiken av planområdet vert øydelagt eller direkte berørt av nye tiltak.<br>PÅVERKNAD: Ingen/ubetydeleg endring |
| Verna område | Ingen verna område innanfor planområdet.<br>PÅVERKNAD: Ingen/ubetydeleg endring |
| | |

PLANFORSLA




Figur 19. Samla vurdering påverknad for planområdet.

<u>Vurdering av miljøprinsippa i naturmangfaldslova §§8-12:</u>
Naturmangfaldlova set krav til at prinsippa i §§ 8-12 (miljørettslege prinsipp) skal leggjast til grunn ved planlegging av tiltak. Dei miljørettslege prinsippa er knytt til kunnskapsgrunnlaget (§ 8), "føre-var-prinsippet" (§ 9), økosystemtilnærming og samla belastning(§ 10). Det er fokus på at kostnadar ved forringing av miljø skal berast av tiltakshavar (§ 11) og at det skal gjerast bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12). Vurdering av konsekvensar for naturmangfald tek utgangspunkt i dei miljørettslege prinsippa:

Det er ikkje registrert førekomstar i nasjonale databasar, og det er ikkje gjort nokon spesielle funn i samband med synfaring i området ut over dette. Forhold til Vikelva er skildra i rapport frå Rådgivende Biologer. Området er stort og varierande. Det består av sjø og strandsoneareal, innmark, skog, vassdrag, samt utbygde areal. På bakgrunn av eksisterande kjent kunnskap og risiko for skade som følgje av planframlegget, er det vurdert at det ikkje er naudsynt med nye undersøkingar av naturmangfaldet innanfor planområdet, jf. nml. § 8. Følgeleg vert ikkje føre-var-prinsippet anvendt, jf. nml. § 9. Utbyggingsføremåla i planframlegget er i hovudsak ei vidareføring frå gjeldande KPA eller reguleringsplanar og ein er ikkje kjend med at det pågår andre plan- eller utbyggingsarbeid i nærleiken av planområdet som vil skape ein uakseptabel samla verknad for naturmangfald, jf. samla belastning §10. Verknadane av planforslaget er hovudsakleg knytt til arealbeslag, då det samla sett er større inngrep som er planlagd i området. På bakgrunn av eksisterande kunnskap og risiko for skade, vert det lagt mindre vekt på nml. §§ 11 og 12. Ein vurderer at planframlegget og tiltak etter den ikkje vil vere i vesentleg konflikt med føresegnene i naturmangfaldlova §§ 8-12.

## 6.3 Konsekvens

Samla konsekvens for heile planområdet i tema naturmangfald.




Figur 20. Samla konsekvens for tema naturmangfald.

FORSLAG

# 7 Kulturarv

Grunnlaget omfattar spor etter menneske, kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap. Formålet er å bringe fram kunnskap om kulturmiljøverdiar og korleis planlagde tiltak påverkar kulturarva. Grunnlaget for kulturmiljø er i hovudsak henta frå riksantikvarens database Askeladden, skriftlege kjelder og Hordaland fylkeskommune.

Kulturminne og kulturmiljø er definert i lov om kulturminne:

| | |
|---|---|
| *Kulturminne* | Alle spor av menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, også lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. |
| *Kulturmiljø* | Eit område der kulturminne går inn som ei del av ein større heilskap eller samanheng. |
| *Automatisk freda kulturminne* | Omfattar alle faste kulturminne frå før 1367 og alle ståande byggverk med opphav frå før 1650 |
| *Kulturlandskap* | Landskap som er monaleg prega av menneskeleg bruk og verksemd. |
| *Vedtaks freda kulturminne og kulturmiljø* | Kulturminne og kulturmiljø som er freda med heimel i kulturminnelova (§§ 15, 19 og 20) |
| *Skipsfunn* | Meir enn 100 år gamle båtar, skipsskrog, tilbehør, last og anna som er verna mot inngrep |

Innanfor området er det registrert 3 automatisk freda kulturminne og fleire SEFRAK-bygningar. Eit automatisk freda kulturminne ligg like nordvest for planavgrensinga (Åkre, Trollhaugen. Enkeltminne objektid 74317). Store delar av planområdet ligg i område klassifisert som kulturminnerik strandsone, jf. interkommunal strandsoneplan i Sunnhordaland. I kommunedelplan for kulturvern i Fusa kommune er det vist til at det er særleg grunn til å vera merksam på dei gamle bygningsmiljøa i Strandvik sentrum.

FORSLAG




Figur 21. Registreringar av automatisk freda kulturminne og sefrak-registrerte bygg. Plangrense som ved varsel om oppstart. Kjelde: Askeladden.

Dei automatisk freda kulturminna innanfor planområdet er:

- **Strandvik kyrkje**. Enkeltminne objektid 232484. Minnet er i kulturminnesøk skildra slik: *Middelalder-kirken var etter alt å dømme en stavkirke. Denne ble i 1628 erstattet av en tømmerkirke. 1857 ble ny kirke reist, antagelig like nord for der tømmerkirken sto (NK I/2:30ff) på (gnr. 88) Sævoll. Bnr. 4 av (90) Hauge kalles Kjørkjeteigen (NK 199); i dette tilfellet dreier det seg om en skogsteig i brattfjellet og gir således ingen antydning om en eldre flytting av kirkestedet innenfor vallet til opphavsgården.*
- **Strandvik middelalderske kirkegård**. Enkeltminne objektid 231921. Minnet er i kulturminnesøk slikdra slik: *Middeladerkirkegården er i bruk. Ved registreringen i 2009 var det mer enn 10 gravleggelser fra tiden etter 1945. Seneste gravleggelse var da fra 2009. Avgrenset av kirkegårdsmur i S, kirkegårdsmur/gjerde i V, anslagsmessig avgrensning i N og Ø basert på knekk i kirkegårdsmur i V.*
- **Gravminne, Nausthaugen**. Enkeltminne objektid 32988. Gravminne frå jernalder. Minnet er i kulturminnesøk skidlra slik: *Gravhaugen, som vert kalla Nausthaugen, ligg på ei naturleg høgd i terrenget. Han er 14 m i tverrmål og kring 1,5 m høg. Han verkar avflata på toppen. Haugen er heilt grasvaksen. Kring haugen veks det no nokre store kirsebærtre. Haugen er relativt uklårt markert, då skiljet mellom den naturlege kulen og gravhaugen er vanskeleg å avgjera. Høgdemålet på gravhaugen blir derfor ikkje heilt utan tvil. Men staden er i alle høve godt synleg i lendet*.



Figur 22. Bilde av Strandvik sentrum frå 1930. Kjelde Fusa folkebibliotek.

Strandvik har utvikla seg ut frå eit bygdesamfunn med sterk tilknyting til aktivitetar som er retta mot sjøen. Sentrale element innanfor planområdet og delområde som peiker seg ut som kulturmiljø/bygningsmiljø er følgjande:

- **Naustrekkja** i Strandvik består av mange eldre naust og er eit av dei største naustmiljøa i Fusa. Miljøet er i hovudsak naust og buer bygd på 1800-talet i stav og lafteverk samt nyare naust bygd i seinare tid. Inntil naustrekkja ligg det våningshus som er verneverdige. I gjeldande plan for området ligg naustrekkja i vernesone V1 og V2.



- **Den gamle dampskipskaien**, «Gamlekaien» står som eit minne om den gamle ruteferdsla på Bjørnafjorden. Kaien har i stor grad same utforming som Leirkaien på Vinnes, men manglar nokre element frå tidlegare.
- **Bygningsmiljø på gnr. 88/1, aust for Vikelva (Særvoll austre),** er knytt til gardsbruk med drengestove, våningshus, stabbur og eldhus/reiskapshus.

Det er elles ingen freda etter kulturminnelova bygningar eller kulturmiljø innanfor planområdet. Det er heller ikkje kjent at det er særskilte stadar der det knytast tru eller tradisjon til innanfor planområdet, med unntak av kyrkja og kyrkjegarden midt i sentrum. Det er ikkje registrert kulturhistoriske landskap, nasjonale verdifulle kulturlandskap, utvalde kulturlandskap i jordbruket eller verdensarv område innanfor eller i nærleiken av planområdet.

## 7.1 Vurdering av verdi

Samla for heile planområdet er følgjande verdivurdering:

| Verdi aspekt | Verdivurdering |
|---|---|
| **Kulturmiljønivå** | |
| Kulturhistorisk betyding | Av bygningar som framleis er intakte har store deler av planområdet eit bygningsmiljø som er lokalt vanleg, samstundes er kulturmiljøet ved naustrekkja ved sjøen unik.<br>VERDI: Middels verdi |
| Arkitekturhistorisk betyding | Fleire av kulturmiljøa er i dag endra med omsyn til autensitet ved ombygging, og andre typar bygg er kommen til i etterkant enten som del av bygget eller miljøet/i nærleiken. Dei mest særprega bygningsmiljøa er naustrekkja ved sjøen, og kyrkja. Desse bygga/anlegga fortel ei historie.<br>VERDI: Middels verdi. |
| Betyding for kulturell eller etnisk gruppe | Det er ingen spesielle element som kan knytast til ei direkte kulturell eller etnisk gruppe innanfor planområdet.<br>VERDI: Ubetydeleg |
| Historisk hending eller personar | Kulturminne og kulturmiljø innanfor planområdet er ikkje særleg knytt til lokal historisk hending eller person. Miljøa er heller knytt til utvikling av Strandvik som bygdesenter.<br>VERDI: Ubetydeleg |
| **Landskapsnivå** | |
| Kulturhistoriske samanhengar | Sentrumsområde ved kyrkja og naustrekkja ved sjøen har ein lokal betyding, men elementa som viser samanhengen er dels fragmentert med omsyn til at nyare tids bygg og miljø er etablert i området og er dels ein barriere mellom elementa. Det er potensiale for å tydeleggjere den kulturhistoriske samanhengen.<br>VERDI: Middels til noko verdi |
| Kulturhistorisk landskap | Det er ingen element som er av nasjonal betyding innanfor planområdet. Men det er element som har lokal og dels regional betyding knytt til Strandvik som kyrkjestad og bygdesenter.<br>VERDI: Middels verdi |

PLANFORSLAG




Figur 23. Samla verdivurdering for planområdet.

## 7.2 Planen sin verknad

Samla for heile planområdet er følgjande påverknad på kulturarv vurdert:

| | **Planen sin påverknad** |
|---|---|
| Landskapsnivå | Ein vurderer at planforslaget ikkje splitter opp det kulturhistoriske landskapet på ein slik måte at det vert sterkt redusert eller øydelagt, samt at planforslaget ikkje skapar barrierar eller reduserer samanhengane. Planarbeidet sikrar dei opne flatane (baklandet) til naustrekkja som landbruksområde og elva som er viktige for karakteren ved naustrekkja. Naustrekkja og det i kringliggjande kulturlandskapet er teke vare på som kulturminne og ressurs for oppleving av friluftsliv i lokalmiljøet. Det er regulert omsynssone kulturmiljø, H570, for på naustrekkja og noko av baklandet, samt omsynssone landbruk, H510, for bakarealet heilt opp til fylkesvegen. Dette for å ta i vare jordbruksressursane i området og det opne landskapsrommet. Dette vil også vera positivt for kulturmiljøet med omsyn til at arealet er prioritert for jordbruk.<br>PÅVERKNAD: Ubetydeleg til noko forringa. |
| Kulturmiljønivå | Ingen automatisk freda kulturminne eller delområde som er skildra som kulturmiljø vert øydelagt eller vert særleg negativt påverka av planendringane. Dei innspela om arealendring som har særleg negativ påverknad er gitt ei negativ tilråding. Automatisk freda kulturminne i bakkant av naustrekkja og ved kyrkja er vist med bandleggingssone H730, og omsynssone bevaring kulturmiljø H570 for naustrekkja, gnr. 84/9, bygningsmiljø ved Særvoll øvre. Dette er eit tydelegare plangrep enn gjeldande plansituasjon. Ein del av kulturmiljøa får nye tiltak i nærleiken som kan påverke noko negativt med omsyn til kontekst og samanheng.<br>PÅVERKNAD: Ubetydeleg til noko forringa. |




Figur 24. Samla vurdering påverknad for planområdet.

PLANFORSLAG



Omsynssoner og bandleggingssoner i plankartet som tek vare på kulturminna og- miljøa.

## 7.3 Konsekvens

Samla konsekvens for heile planområdet i tema kulturarv.



Figur 25. Samla konsekvens for tema kulturarv.

# 8 Naturressursar

Naturressursar er ressursar frå skog, jord og andre utmarksareal, fiskebestand i sjø og ferskvatn, vilt, vassførekomstar og georessursar (berggrunn og mineral). Ein har i tillegg valt å inkludere skogbruk i kapitelet sett i lys av ressursgrunnlag. Sentralt i vurderinga er nasjonalt mål om vern av god matjord, samt berekraftig utvikling og utnytting av ikkje-fornybare ressursar på ein god måte. Grunnlag er henta frå Norsk institutt for Bioøkonomi sin arealdatabase, kystverket sin kartportal for kystinfo og fiskeridirektoratet sin kartportal. Det er også nytta andre

offentlege kjelder og temakart i tillegg til topografiske kart og ortofoto. Synfaring i området er gjennomført i samband med prosjektet og utgreiing av tema i konsekvensutgreiinga.

Naturressursane i området knyt seg primært til landbruk, vassdrag (Vikaelva), og dels fiske i sjø. Det er ikkje aktivt fiske i Vikelva.

Landbruk, skog- og jordbruksressursar

Det er fleire jordbruksteigar innanfor planområdet med ei fordeling (om lag):

| Type innmark | Totalt i planområdet |
|---|---|
| Fulldyrka jord | 121,5 dekar |
| Overflatedyrka jord | 5 dekar |
| Innmarksbeite | 13 dekar |

Mykje av arealet i og utanfor planområdet er fulldyrka jord, men berre mindre delar er sett av til LNF-område i kommuneplanens arealdel. Kjerneområde for landbruk er i hovudsak sett av utanfor planområdet.

Skogsområda består i hovudsak av lauvskog med høg og særs høg skobonitet. Skogsressursane innanfor planområdet er avgrensa til areala i søraust som er klassifisert som yngre skog (hogstklasse 2-3) og gamal skog (hogstklasse 5). Det er etablert fleire skogsbilvegar innanfor planområdet.




Figur 26. Markslagskart som berre viser innmarksareal (fulldyrka jord = oransje, overflatedyra jord = gul, innmark = lys gul) Kjelde: FKB



Figur 27. Skogsbonitet og aldersklasser i skog. Kjelde: NIBIO, kilden.



Figur 28. Verdiklasser basert på AR5 og DMK. Kjelde: Nibio Kilden

<u>Utmarksressursar</u>

Det er avgrensa med utmarksbeite innanfor planområdet. Vurderinga er at det er mindre potensiale for rydding av utmarksområde og beiting i dagens skogsområde. Deler av planområdet er utmark med potensiale for hausting av ber og anna, fangst og jakt. Alle skogsområde har ein lokal verdi knytt til desse aktivitetane, og må sjåast i samanheng med tilgrensande utmarksområde utanfor planområdet.

<u>Fiskeressursar</u>

Det er ikkje registrert gyteområde eller andre fiskeriinteresser som låssettingsplass eller fiskeområde i sjø innanfor planområdet. Nærmaste låssettingsplass er ved Stegleholmen. Det er etablert brygger innanfor området som nyttast som utfartspunkt for kystfiske/fritidsfiske. Det er ikkje fiske i Vikelva.




Figur 29. Fiskeriinteresser; Fiskeområde for passive reiskap (grå skravur), godkjente akvakulturområde (grøn skravur) og låssettingsplass (raud farge). Kjelde: fiskeridirektoratet.

Vassdrag

Innanfor området er det privat vatn- og avløpssystem, Strandvik og Vinnes vassverk, som dekker busetnaden. Vasskjelda er Skåtavatnet og forsyner husstandar frå Vinnes til Håvik. Vassførekomstar innanfor planområdet vert ikkje nytta i næringssamanheng som t.d. kraftproduksjon. Det er registrert fleire grunnvassborehull i nærleiken av planområdet, men ingen innanfor. Det er både påvist og antatt betydeleg grunnvasspotensiale innanfor deler av planområdet.



Figur 30. Temakart som syner berggrunn og punkt med grunnvassborehol (blå punkt). Kjelde: NGU.

Mineralressursar

Det er ikkje gjennomført geologisk kartlegging i planområdet og ein har derfor ikkje detaljert kunnskap om geologien i området. Det er ikkje registrert sand- og grusførekomstar eller mineralressursar (industrimineraler, naturstein eller metall) innanfor planområdet. Berggrunnen i planområdet er i NGU`s berggrunnskart registrert med

albittglimmerskifer, grønskifer og meta-arkose, kvartsskifer, samt kvartsglimmerskifer/kvartskonglomerat. Lausmassedekket er beståande av forvitringsmateriale og bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke.




Figur 31. Temakart som syner type geologi i området. Kjelde: NGU.

## 8.1 Vurdering av verdi

Samla for heile planområdet er følgjande verdivurdering:

| Verdi aspekt | | Verdivurdering |
|---|---|---|
| Jordbruk | Jordbruksareal med jordmonnkart | Det er ikkje gjort kartleggingar etter *jordmonnkart* innanfor planområdet. |
| | Fulldyrkajord med AR5/ DMK | Fulldyrka jord innanfor planområdet utgjer om lag 121,5 dekar. Av desse er om lag 27 dekar omdisponert til utbyggingsføremål i gjeldande KPA.<br>Dei fleste areal er gitt stor verdi (kilden.no)<br>VERDI: Stor |
| | Overflatedyrka jord eller innmarksbeite, med AR5 | Overflatedyrka jord eller innmarksbeite innanfor planområdet utgjer om lag 5 + 13 dekar. Dei fleste areal er gitt middels verdi (kilden.no). Av desse er om lag 12 dekar omdisponert til utbyggingsføremål i gjeldande KPA.<br>VERDI: Middels verdi |
| | Dyrkbar jord | Det er mindre delområde innanfor planområdet som er klassifisert til å ha potensiale for dyrkbar jord, det største arealet er 1,5 daa. Eitt av dei tre største areala er omdisponert til utbyggingsføremål i gjeldande KPA, og dette er vidareført i områdeplanen.<br>VERDI: Noko verdi |
| Utmark | Utmarksbeite | Det er registrert noko innmarksbeite innanfor planområdet. Utmarksbeite er avgrensa, og såleis også potensialet for bruk av utmark til beite av sau.<br>VERDI: Ubetydeleg til noko verdi |
| | Jakt og ferskvassfiske | Planområdet omfattar utmark som har lokal verdi som ressurs knytt til jakt og fiske, men som har avgrensa verdi i nærings og økonomisk betyding på grunn av areala sin storleik. Fiske i Vikelva utgjer ingen verdi i næringssamanheng.<br>VERDI: Noko verdi til ubetydeleg |
| Fiskeri | Marint biologisk mangfald | Det er ikkje registrert gyteområde for innanfor eller i nærleiken av planområdet. VERDI: Ubetydeleg verdi |
| | Kystnære | Det er ikkje registrert kystnære fiskeriinteresser innanfor eller i nærleiken av |

PLANFORSLAG

| | | |
|---|---|---|
| | fiskeridata | planområdet.<br>VERDI: Ubetydeleg verdi |
| Vatn | Vassforsyning / drikkevatn / grunnvatn | Innanfor området er det privat vatn- og avløpssystem, Strandvik og Vinnes vassverk. Vassforsyninga i området har god dekning i høve til befolkninga/utbygging i området.<br>VERDI: Noko verdi |
| Mineralressurs | Mineralressurs / Pukk og grus | Det er ikkje registrert ressursar knytt til mineral, pukke eller grus innanfor planområdet.<br>VERDI: Ubetydeleg verdi |




Figur 32. Samla verdivurdering for planområdet.

## 8.2 Planen sin verknad

Samla for heile planområdet er følgjande påverknad på naturressursar vurdert:

| | **Planen sin påverknad** |
|---|---|
| Jordbruk | Det er fleire jordbruksteigar innanfor planområdet som i planarbeidet er planlagt omdisponert til utbyggingsføremål, med følgjande fordeling (om lag):<br>Type innmark — Omdisponert totalt — Omdisponert i områdeplanen utover KPA<br>- Fulldyrka jord — 42 daa av totalt 121,5 daa — 12 dekar av totalt 42 daa<br>- Overflatedyrka jord — 2,4 daa av totalt 5 daa — 0,2 dekar av totalt 2,4 daa<br>- Innmarksbeite — 10 daa av totalt 13 daa — 0 dekar av totalt 10 daa<br><br>Areala som det er forslag til å omdisponere er av større omfang, og vil medverke til at større samanhengande jordbruksområde vert forringa. Tal på omdisponering omfattar alt registrert areal ihht. NIBIO sine kart. Ein del av dette er jordbruksareal i dag som i kommuneplanens arealdel er sett av til utbyggingsføremål, men som ikkje før er regulert/utbygd og dermed registrert som jordbruksareal. Ein del av oppgjeve omdisponert areal er regulert til annan veggrunn grøntareal, og dette er eit grønt sideareal til vegar og del av arealet vil framleis kunne nyttast til slåttemark. Oppgjeve omdisponering er difor noko større enn det som er reelt vert omdisponert, og ein har difor også vist omdisponert areal utover utbyggings-føremål i KPA i tabellen ovanfor. I tillegg til dette så legg planforslaget opp til at ein tilbakefører noko sentrums- og bustadføremål til LNF-føremål, dette utgjer om lag 33 dekar fulldyrka jord og skogsområde. Dette er positivt med omsyn til dei teigane dette gjeld og dei fleste av desse omfattar større samanhengande jordbruksområde slik at det vil vera reel bruksverdi på areala.<br><br>Planframlegget medverkar til redusert moglegheit for effektiv utnytting av eksisterande jord-bruksareal. Ein vurderer at planen fører til arealbeslag og i hovudsak tap av areal til grasproduksjon, og for det enkelte bruket kan dette ha stor verknad og såleis vera av lokal betydning. Sett i samanheng med jordbruket i Fusa kommunen har omdisponeringa ein avgrensa betydning. Som omtalt over er store deler av jordbruksareala allereie omdisponert til utbyggingsføremål i KPA.<br><br>Det er lagt omsynssone landbruk, H510, for store deler av innmarksarealet frå fylkesvegen og i bakkant av naustrekkja for å ta i vare jordbruksressursane i området.<br><br>*Figur som viser lokalisering av omdisponert jordbruksareal (oransje og gul farge) og skogsområde i områdeplanen (grøn farge)* |

PLANFORSLAG

<table>
<tr><td></td><td><br>Store deler av jordbruksareala vist som omdisponert areal i områdeplanen er i gjeldande kommuneplan sett av til utbyggingsføremål. Figur under viser omdisponert jordbruksareal og skogsområde i områdeplanen med raud skravur, og gjeldande KPA som bakgrunnskart.<br><br>PÅVERKNAD: Forringa til noko forringa</td></tr>
<tr><td>Utmark</td><td>Utmarksbeite er noko avgrensa, og såleis utgjer planen ingen betydning.<br>PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring</td></tr>
<tr><td>Fiskeri</td><td>Planen har ingen verknad for registreringane som finst utanfor planområdet.<br>PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring</td></tr>
</table>

PLANFORSLAG

| | |
|---|---|
| Vatn | Ingen drikkevasskjelder må takast ut av bruk.<br>PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring |
| Mineralressursar | Planen endringar ikkje potensiale for utnytting eller uttak av kjente mineralressursar innanfor planområdet med utgangspunkt i 0-situasjonen.<br>PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring. |




Figur 33. Samla vurdering påverknad for planområdet.

## 8.3 Konsekvens

Samla konsekvens for heile planområdet i tema naturressursar.




Figur 34. Samla konsekvens for tema naturressursar.

PLANFORSLAG

# 9 Samla overordna vurdering

| Fagtema | Verdi | Påverknad | Samla konsekvens |
|---|---|---|---|
| Landskapsbilde | Noko til middels | Ubetydeleg til noko forringa | 0/- |
| Friluftsliv / by- og bygdeliv | Middels | Forbetra til ubetydeleg forringa | + |
| Naturmangfald | Middels | Noko forringa til ubetydeleg | -/0 |
| Kulturarv | Middels | Ubetydeleg til noko forringa | 0/- |
| Naturressursar | Middels til stor | Noko forringa | - |




Samanstillinga i tabellen  viser at fagtema friluftsliv/ by- og bygdeliv har positiv verknad, fagtema landskapsbilde, naturmangfald, og kulturarv har ubetydeleg til liten negativ verknad og fagtema naturressursar har negativ verknad. For fagtema med negative verknader er verknaden i hovudsak knytt til utbygging i urørt område med verdiar knytt til grøne ressursar.

# 10 Tiltaksområda

Under følgjer ei vurdering av nye tiltak/utbyggingsområde innanfor områdeplanen som ikkje er konsekvensutgreia tidlegare.




Figur 35. Oversikt over tiltaksområde som er konsekvensutgreia, med lik nummerering som i dei neste kapitela.

Område 1 = Ny turveg ved sjøen
Område 2 = Ny turveg ved Legland
Område 3 = Ny tilkomstveg til bustadområde Legland
Område 4 = Utvida naustrekkje
Område 5 = Utvida småbåthamn
Område 6 = Utvida rideanlegg
Område 7 = Ny gravplass
Område 8 = Eldrebustadar
Område 9 = Flytande bustadar
Område 10 = Utvida idrettsanlegg – idrettshall, 3 alternative område

## 10.1 Område 1 Ny turveg ved sjøen frå Kletten til Bygdeparken

| | | |
|---|---|---|
| |  | |
| **Planstatus** | LNF-føremål | |
| **Planlagt føremål** | Turveg, GT 3 og 4. Bestemmelsesområde #1. | |
| **Arealstorleik** | Om lag 210 meter lengde | |
| **Omtale av tiltaksområdet** | Planendringa legg opp til å kople eksisterande køyrevegar med ein gangveg/sti frå hytteområdet nedanfor Kletten, via areal sett av til småbåthamn/campingplass, bak naustrekkja og mot bygdeparken/butikken. Dette vil medverke til å skape ein samanhengande og naturleg turvegtrase langs sjøen. | |
| **Tema** | **Verdi / Påverknad** | **Konsekvens** |
| **Landskapsbilde** | Arealet høyrer inn under landskapsklassifiseringa – *breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger* klassifisert til å stor verdi. Området ligg tett på sjøen, nær naustrekkje med særleg verdi og i eit ope landskapsrom. Inntrykket av området er areal med preg av bygd og landbruksverksemd. Totalinntrykket sett bygg og landskap i eitt er relativt godt. Arealet har innsyn frå store deler av Bjørnafjorden<br>Området er vurdert til å ha **middels til stor verdi** | **0** |
| | Tiltaket vil krevje mindre inngrep for å knyte saman eksisterande vegar. Turvegen er om lag 210 meter lang. Etableringa kan gjennomførast utan større terrenginngrep. Tiltaket vil ikkje ha større verknad for landskap, utover i dei nærmaste areala ved traseen. Turvegen vil bli godt forankra i landskapet og tilpassa skala. Arealet er vurdert til å ikkje ha verknad for landskapstypen dei ligg i. For dei nærmaste areala vil tiltaket ha ubetydeleg verknad gjennom at inngrepet ikkje vil vera skjemmande, tilpassa landskapet og traseen har god romkurve og framhevar landskapsskulpturen.<br>**Påverknad: Ubetydeleg endring** | |
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv** | Området er ikkje omfatta av regionale eller lokale kartfesta friluftsområde, eller statleg sikra friluftsområde. Arealet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Arealet er i dag dyrka mark/i kant med dyrka mark. Nærmaste lokale friluftsområde er Kletten, samt framtidig bygdapark.<br>Området er vurdert til å ha **ubetydeleg verdi** | ++/+++ |
| | Tiltaket skal gjennomførast for å forbetre dagens situasjon ved å kople eksisterande veg i aust og vest med ein tursti. Planendringa vil medverke til auka attraktivitet og nærtur-moglegheitene ved å fjerne barrieren med i gå i kant med innmarka eller i strandkanten. Det betrar også tilgjenge til den særeigne naustrekkja og framtidig bygdepark frå framtidig fritids- og turistanlegg vest for arealet.<br>**Påverknad: Forbetra** | |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar, viltområde/funksjonsområde for artar med forvaltningsinteresse. Det er ikkje verna natur i nærleiken av arealet. Kantvegetasjonen mellom strandsona og innmarksarealet har ei lokal verdi for naturmangfald.<br>Området er vurdert til **noko verdi til utan betydning** | **0** |

| | | |
|---|---|---|
| |  | |
| | Turvegen vil krevje mindre inngrep for å knyte saman eksisterande vegar. Tiltaket vil ikkje ha større verknad for naturmangfald, utover i dei nærmaste areala ved traseen.<br>**Påverknad: Noko forringa til ubetydeleg endring** | |
| **Kulturarv** | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller verneverdige bygg innanfor arealet. Dei nærmaste registreringane er lokalisert nord for turvegen, om lag 25m (gnr. 84/9). Her er det både automatisk freda kulturminne og verneverdig bygg. Potensiale for registrering av nye kulturminne er der med utgangspunkt i funnet på gnr. 84/9.<br>Området er vurdert til å ha **noko verdi** | **0** |
| | Arealet medfører ikkje inngrep i kjente kulturminne eller utgjer påverknad eller endring for kjente kulturminne. Turvegen vil krevje mindre inngrep for å etablerast. Turvegen vil ikkje endre kulturminne eller bygningsmiljø sine funksjonar.<br>**Påverknad: Ubetydeleg endring** | |
| **Naturressursar** | Deler av arealet er klassifisert som innmarksareal; fulldyrka mark som vert nytta til gras-produksjon. Det er ikkje utmarksressursar knytt til arealet, og det er ikkje registrert mineralressursar her.<br>Området er vurdert til å ha **stor verdi** | **-** |
| | Turvegen medfører inngrep i innmarksareal, om lag 0,2 daa, men av eit mindre omfang grunna tiltaket ligg i ytterkant av innmarksområdet. Arealendringa vil ikkje splitte opp innmarksareal eller gjera det mindre drivverdig enn dagens situasjon.<br>**Påverknad: Ubetydeleg til noko forringa** | |
| Samla vurdering | Forslag til turveg vil ha stor positiv verknad for friluftsliv/ by- og bygdeliv ved at tiltaket aukar attraktiviteten og tilkomst mellom målpunkt i Strandvik (nærturterreng). Forslag til ny turveg vil ha mindre negativ verknad for tema naturressursar pga. omdisponering av innmarksareal. For landskap, naturmangfald og kulturarv har forslaget ubetydeleg verknad. | + |
| Konklusjon | Forslag til turveg kan tilrådast med omsyn til arealkonflikt til andre interesser. | |

## 10.2 Område 2 Ny turveg ved Legland

| | | |
|---|---|---|
| |  | |
| **Planstatus** | LNF-føremål | |
| **Planlagt føremål** | Turveg, GT10 | |
| **Arealstorleik/lengde** | Om lag 140 meter lengde | |
| **Omtale av tiltaksområdet** | Planendringa legg opp til å kople Haugsvegen med ein gangveg til nytt bygstadområde Legland. Dette vil medverke til å skape ein samanhengande og naturleg turvegtrase frå Hauge/Legland via turvegen – byggefeltet og traktorveg regulert som turveg, GT8 og 9. | |
| **Tema** | **Verdi / Påverknad** | **Konsekvens** |
| **Landskapsbilde** | Arealet høyrer inn under landskapsklassifiseringa – *breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger* klassifisert til å ha stor verdi. Området ligg på ei høgde i nær tilknyting til eksisterande gardsbruk og går frå eit ope jordbrukslandskap og inn i ein skogkledd åsrygg. Inntrykket av området er areal med preg av bygg og landbruksverksemd. Totalinntrykket sett bygg og landskap i eitt er relativt godt. Det er relativt avgrensa innsyn til området frå fjernare område.<br>Området er vurdert til å ha **middels til stor verdi** | 0 |
| | Etableringa av turvegen vil krevje mindre inngrep, og deler av turvegen følgjer eksisterande traktorveg. Turvegen er om lag 140 meter lang. Etableringa kan gjennomførast utan større terrenginngrep. Den vil bli godt forankra i landskapet og tilpassa skala. Etableringa er vurdert til å ikkje ha verknad for landskapstypen dei ligg i. For dei nærmaste areala vil tiltaket ha verknad gjennom at inngrepet vil vera synleg, men den er tilpassa i landskapet og vil ikkje vera skjemmande.<br>**Påverknad: Ubetydeleg endring** | |
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv** | Området er ikkje omfatta av regionale eller lokale kartfesta friluftsområde, eller statleg sikra friluftsområde. Arealet er i dag skog og dyrka mark/i kant med dyrka mark. Nærmaste lokale friluftsområde er Haugsåsen (turterreng). Det er fleire aktive gardsbruk i området.<br>Området er vurdert til å ha **ubetydeleg verdi** | ++/+++ |
| | Tiltaket skal gjennomførast for å forbetre dagens situasjon ved å kople eksisterande veg og bustadområde i nord/aust med ein tursti til bygdesentrum. Det er ikkje eige felt for mjuketrafikantar langs Haugsvegen. Planendringa vil medverke til auka attraktivitet og nærtur-moglegheitene.<br>**Påverknad: Forbetra** | |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar, viltområde/funksjonsområde for artar med forvaltning-sinteresse. Det er ikkje verna natur i nærleiken av arealet. Deler av området er dyrka mark eller skogsområde klassifisert som lauvskog av høg bonitet.<br>Området er vurdert til **noko verdi til utan betydning** | 0 |

| | | |
|---|---|---|
| | Turvegen vil beslaglegge innmarksareal med mindre verdi for naturmangfald og går gjennom av lauvskogsområde med lokal verdi for naturmangfald. Den splitter opp deler av skogsområdet, men følgjer for deler av traseen eksisterande traktorveg. Turvegen vil krevje mindre inngrep, og vil ikkje ha større verknad for naturmangfald, utover i dei nærmaste areala ved traseen.<br>**Påverknad:  Noko forringa til ubetydeleg endring** | |
| **Kulturarv** | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller verneverdige bygg innanfor arealet. Det er ingen kjente kulturminne i nærleiken, men det er fleire verneverdige bygningar (SEFRAK, rød kategori) knytt til gardsbruka i området. Potensiale for registrering av nye kulturminne er lågt med utgangspunkt høgde over havet og at det ikkje er gjort funn i nærområdet.<br>Området er vurdert til å ha **ubetydeleg til noko verdi** | **0** |
| | Turvegen medfører ikkje inngrep i kjente kulturminne eller utgjer påverknad eller endring for kjente kulturminne. Turvegen vil krevje mindre inngrep og vil ikkje endre kulturminne eller bygningsmiljø sine funksjonar eller betydning.<br>**Påverknad: Ubetydeleg endring** | |
| **Naturressursar** | Området er eit jordbrukslandskap med i hovudsak fulldyrka mark nytta til grasproduksjon. Det er i mindre grad utmarksressursar knytt til området, og det er ikkje registrert mineralressursar her.<br>Området er vurdert til å ha **middels verdi** | **0/-** |
| | Turvegen medfører inngrep i innmarksareal, om lag 0,07 daa overflate dyrkajord, men av eit mindre omfang grunna tiltaket ligg i ytterkant av innmarksområdet. Arealendringa vil ikkje splitte opp innmarksareal eller gjera det mindre drivverdig enn dagens situasjon.<br>**Påverknad: Ubetydeleg til noko forringa** | |
| **Samla vurdering** | Forslag til turveg vil ha stor positiv verknad for friluftsliv/ by- og bygdeliv ved at tiltaket aukar attraktiviteten og tilkomst mellom målpunkt i Strandvik (nærturterreng). Forslag til ny turveg vil ha mindre negativ verknad for tema naturressursar pga. omdisponering av innmarksareal. For landskap, naturmangfald og kulturarv har forslaget ubetydeleg verknad. | + |
| **Konklusjon** | Forslag til turveg kan tilrådast med omsyn til arealkonflikt til andre interesser. | |

## 10.3 Område 3 Ny vegtilkomst til bustadområde på Legland

| | |
|---|---|
| |  |
| **Planstatus** | LNF-føremål |
| **Planlagt føremål** | Vegføremål, SV31 |
| **Arealstorleik/lengde** | Om lag 420 meter lengde |

| | | |
|---|---|---|
| **Omtale av tiltaksområdet** | Føremålet med planendringa er å regulere tilkomst til framtidig bustadområde avsett i gjeldande KPA. Den nye vegen tek av frå Haugsvegen, og buktar seg opp frå Haugsvegen gjennom område med dyrka mark og vidare gjennom skogsområde. Vegen er om lag 420m med maksimal stigningsforhold på 12,5%. Det er i prosessen vurdert fleire alternativ der ein sett at dette alternativet er det beste alternativet. Dei andre alternativa er ikkje konsekvensutgreia. | |
| **Tema** | **Verdi / Påverknad** | **Konsekvens** |
| **Landskapsbilde** | Arealet høyrer inn under landskapsklassifiseringa – *breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger* klassifisert til å ha stor verdi. Området ligg i overkant av Strandvik sentrum, og stig frå Haugsvegen og opp til høgda på Legland. Føremålet går frå eit ope jordbrukslandskap og inn i ein skogkledd åsrygg. Inntrykket av området er areal med preg av naturområde og jordbruksverksemd. Totalinntrykket sett bygg og landskap i eitt er relativt godt. Området er relativt eksponert sett i frå nord og aust.<br>Området er vurdert til å ha **middels til stor verdi**<br><br>Etablering av vegen krev større inngrep i terrenget med omsyn til at det er stor høgdeforskjell i terrenget. Det vil ha større verknad for nærliggjande område og få ein dominerande effekt der vege skjer inn i terrenget. Føremålet er vurdert til å ikkje ha verknad for landskapstypen dei ligg i då fjernverknaden vil vera av avgrensa omfang. For dei nærmaste areala vil tiltaket vil vera godt synleg då vegen skal knyte saman areal med stor høgdeforskjell. Særleg vil tiltaka vera store i nord der vegen skjer gjennom terrenget og skapar høge skjeringar før vegen går over i å meir følgje terrenget og eksisterande høgder lengre sør-søraust. Det er behov for noko fyllingsareal langs vegen i sør. Den nye vegen vil til ein viss grad bryte landskapsskulpturen, men ein vurderer at dette er av avgrensa omfang til areala i nord ved Haugsvegen.<br>**Påverknad: Forringa** | **--** |
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv** | Området er ikkje omfatta av regionale eller lokale kartfesta friluftsområde, eller statleg sikra friluftsområde. Arealet er i dag dyrka mark og skogområde. Traseen kryssar eksisterande traktorveg som vert sporadisk nytta som snarveg frå Legland til sentrum. Nærmaste lokale friluftsområde er Haugsåsen (turterreng). Det er fleire aktive gardsbruk i området.<br>Området er vurdert til å ha **ubetydeleg verdi**<br><br>Køyrevegen er ikkje i konflikt med eller til hinder for friluftsliv. Vegen vil knyte saman nytt bustadfelt med eksisterande køyreveg. Det manglar eige felt for mjuketrafikantar på ny vegtrase, men det er regulert turvegar i området som kan nyttast av mjuketrafikantar.<br>**Påverknad: Ubetydeleg endring** | **0** |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar, viltområde/funksjonsområde for artar med forvaltningsinteresse. Det er ikkje verna natur i nærleiken av arealet. Store deler av området er dyrka mark for grasproduksjon eller skogsområde klassifisert som lauvskog av høg bonitet.<br>Området er vurdert til **noko verdi til utan betydning**<br><br>Køyrevegen vil krevje større inngrep for å knyte saman eksisterande veg til det nye bustadfeltet. Den vil beslaglegge innmarksareal med mindre verdi for naturmangfald og går gjennom av lauvskogsområde med lokal verdi for natur-mangfald. Arealet splitter opp deler av skogsområdet. Køyrevegen vil ha verknad utover i dei nærmaste areala ved traseen med omsyn til anleggsverksemd og forstyrringar, samt dagleg bruk av vegen. Deler av køyrevegen er knytt til areal avsett til bustadføremål i gjeldande KPA.<br>**Påverknad: Forringa** | **-** |
| **Kulturarv** | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller verneverdige bygg innanfor arealet. Det nærmaste kjente kulturminnet er knytt til kyrkja og nærmast verneverdige bygningar (SEFRAK, rød kategori) knytt til gardsbruka nord for tiltaket. Potensiale for registrering av nye kulturminne er lågt med utgangspunkt høgde over havet og at det ikkje er gjort funn i nærområdet.<br>Området er vurdert til å ha **ubetydeleg til noko verdi**<br><br>Køyrevegen medfører ikkje inngrep i kjente kulturminne eller utgjer påverknad eller endring for kjente kulturminne. Vegtraseen medfører større terrenginngrep for å kunne etablerast, men vil i mindre grad endre kulturminne eller bygningsmiljø sine funksjonar | **0** |

| | | |
|---|---|---|
| | eller betydning.<br>**Påverknad: Ubetydeleg endring** | |
| **Naturressursar** | Området er eit jordbrukslandskap med i hovudsak fulldyrka mark nytta til grasproduksjon. Det er i mindre grad utmarksressursar knytt til området, og det er ikkje registrert mineralressursar her.<br><br>Skråfoto frå 2018.<br>Området er vurdert til å ha **stor verdi** | --/- |
| | Køyrevegen omdisponerer om lag 0,7 dekar fulldyrka jord og om lag 1,4 daa skog. Der vegen går inn i skogsområdet er arealet regulert til bustadføremål i gjeldande KPA. Arealendringa vil til dels splitte opp innmarksareal som er totalt 15,5 daa og gjera det noko mindre drivverdig enn dagens situasjon. For gardsbruket har dette ei vesentleg verknad, medan for jordbruksverksemda i Fusa kommune har arealet liten verknad.<br>**Påverknad: Forringa** | |
| **Samla vurdering** | Køyrevegen vil ha negativ verknad for tema landskap og naturressursar ved at traseen går gjennom ope landskap og krev inngrep i fulldyrka mark. Vegen har mindre negativ verknad for naturmangfald då vegen går gjennom lauvskogsområde. For friluftsliv/ by- og bygdeliv og kulturarv har forslaget ubetydeleg verknad. | -- |
| **Konklusjon** | Forslag til turveg kan ikkje tilrådast med omsyn til arealkonflikt til andre interesser, særleg omsyn til landskap og naturressursar. | |

## 10.4 Område 4 Utviding av naustrekkje og veg

| | |
|---|---|
| |  |
| **Planstatus** | Kommuneplan: LNF-føremål.<br>Grenser til reguleringsplan for m.a. naustområde med spesial-område – vern (antikvarisk) (V1). |
| **Planlagt føremål** | Naustføremål, del av BUN1. Omsynssone H570_1, bevaring kulturmiljø.<br>Vegføremål, SV11 |
| **Arealstorleik** | Naustareal om lag 1 daa. Veglengde om lag 50 m. |

| | | |
|---|---|---|
| **Omtale av tiltaksområdet** | Naustarealet er ei utviding mot sør av eksisterande naustrekkje ved sjøen, medan vegen er ei forlenging av eksisterande veg og går i bakkant av nausta. Det er etablert 4 nyare tids naust nord for arealet, medan areala i sør er utan tiltak, ope strand og lauvtre som skjermar areala mellom sjø og innmarksareal. | |
| **Tema** | **Verdi / Påverknad** | **Konsekvens** |
| **Landskapsbilde** | Arealet høyrer inn under landskapsklassifiseringa – *breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger* klassifisert til å ha stor verdi. Området ligg tett på sjøen, nær naustrekkje med særleg verdi og i eit ope landskapsrom. Inntrykket av området er areal med preg av bygd og sjø- og landbruksverksemd. Totalinntrykket sett bygg og landskap i eitt er relativt godt. Arealet har innsyn frå store deler av Bjørnafjorden. Sjå også skråfoto for dagens situasjon vist i område 1.<br>Området er vurdert til å ha **middels til stor verdi**<br><br>Areala vil krevje mindre inngrep i terrenget då det er dels flatt i området. Det er lagt føringar som vil 1) ta i vare siktlinje mellom nausta og 2) utforming av nausta som vil ta omsyn til nærliggjande naustrekkje med særlege verdiar.<br>Tiltaka vil ikkje ha større verknad for landskap, utover i dei nærmaste areala. For dei nærmaste areala vil tiltaka ha noko verknad gjennom at inngrepet vil medføre ei forlenging av eksisterande naustrekkje med veg i bakkant, men tiltaka vil kunne tilpassast landskapet, gli inn som ein del av det nærliggjande bygningsmiljøet.<br><br>**Påverknad: Noko forringa til ubetydeleg endring** | -/0 |
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv** | Området er ikkje omfatta av regionale eller lokale kartfesta friluftsområde, eller statleg sikra friluftsområde. Arealet er i dag kantvegetasjon av lauvtre, strand og ligg i kant med dyrka mark og naustrekkje. Nærmaste regionale friluftsområde er sjøarealet (Sævareidfjorden) og lokale friluftsområde er turterrenget ved Haugsåsen i nordvest og badefjøre ved Strandvik i nordaust. Det er fleire aktive gardsbruk i området og området ligg i tilknyting til naustrekkje og med kort avstand til sentrum. Det er ikkje kjent omfang av bruken av strandsona til rekreasjon, men det er potensiale for bruk av arealet.<br>Området er vurdert til å ha **noko verdi**<br><br>Planendringa er ikkje i konflikt med eller til hinder for bruk av registrerte friluftsområde. Planendringa medfører nedbygging av strandsoneareal med potensiale for friluftsliv og rekreasjon. Arealet ligg i tilknyting til eksisterande naustrekkje, og forlenger barrieren med bygningar mot sør. Omfang av utvidinga er avgrensa og naust er mindre privatiserande enn andre bygg med varig opphald. Opplevinga av området vil i mindre grad verta endra då det er lagt føringar som gir siktlinje og rom mellom nausta, men bruken av området vil verta redusert samanlikna med dagens bruk gjennom arealbeslag.<br>**Påverknad: Noko forringa** | - |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar, viltområde/funksjonsområde for artar med forvaltningsinteresse. Det er ikkje verna natur i nærleiken av arealet. Kantvegetasjonen mellom strandsona og innmarksarealet har ei lokal verdi for naturmangfald.<br>Området er vurdert til **noko verdi til utan betydning**<br><br>Planendringa vil krevje inngrep i terrenget, kantvegetasjon og stranda. Tiltaket vil ha verknad for naturmangfald gjennom arealbeslag og at kantvegetasjonen (lauvtre) vert fjerna. | 0 |

| | | |
|---|---|---|
| | **Påverknad: Noko forringa til ubetydeleg endring** | |
| **Kulturarv** | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller verneverdige bygg innanfor arealet. Dei nærmaste registreringane er lokalisert nord for arealet (gnr. 84/9). Her er det både automatisk freda kulturminne og verneverdig bygg. Potensiale for registrering av nye kulturminne er lågt med utgangspunkt høgde over havet og at det ikkje er gjort funn i nærområdet. Området ligg nær naustrekkje med særleg verdi og i eit ope landskapsrom.<br>Området er vurdert til å ha **noko til middels verdi** | - |
| | Planendringa medfører ikkje inngrep i kjente kulturminne eller utgjer påverknad eller endring for kjente kulturminne. Det vil ikkje endre kulturminne eller bygningsmiljø sine funksjonar. Nærmaste nausta til arealet er av nyare dato og framstår som meir moderne naust med kaifront mot sjøen. Det er lagt føringar for utforming av nausta som vil ta omsyn til nærliggjande naustrekkje med særlege verdiar.<br>**Påverknad: Noko forringa** | |
| **Naturressursar** | Naustarealet er klassifisert som uproduktiv skog (lauvskog), og strand. Deler av vegarealet er klassifisert som innmarksareal; fulldyrka mark som vert nytta til gras-produksjon. Det store innmarksareal som vert nytta til grasproduksjon er klassifisert til å ha stor verdi. Det er ikkje utmarksressursar knytt til arealet, og det er ikkje registrert mineralressursar her.<br>Området er vurdert til å ha **ubetydeleg verdi** | **0** |
| | Naustarealet medfører ikkje inngrep i område med naturressursar, men vegen medfører inngrep i innmarksareal, om lag 0,2 daa. Dette er av eit mindre omfang grunna tiltaket ligg i ytterkant av innmarksområdet. Areala grenser til innmarksområde. Arealendringa vil ikkje splitte opp innmarksareal eller gjera det mindre drivverdig enn dagens situasjon.<br>**Påverknad: Ingen** | |
| Samla vurdering | Planendringa vil ha negativ verknad for tema friluftsliv/ by- og bygdeliv og kulturarv ved at arealet gjer beslag i strandsona og ligg i tilknyting til naustrekkje med verneverdi. Det er lagt føringar som vil ha avbøtande verknadar ved å ta vare på siktline mellom nausta og utforming av nausta som vil ta omsyn til nærliggjande naustrekkje. Arealet har mindre negativ verknad for landskap. For naturmangfald og naturressursar har forslaget ubetydeleg verknad. | **-/0** |
| Konklusjon | Forslag til naustføremål og veg kan tilrådast med omsyn til arealkonflikt til andre interesser. | |

## 10.5 Område 5 Utvida småbåthamn




| | |
|---|---|
| **Planstatus** | Bruk og vern av sjø og vassdrag. Småbåthamn. |
| **Planlagt føremål** | Småbåthamn, BSS1 og BSS2 |
| **Arealstorleik** | 2.1 dekar |
| **Omtale av tiltaksområdet** | Arealet ligg sørvest for område som er avsett til småbåthamn i gjeldande KPA. Småbåthamna er ikkje |

| | | |
|---|---|---|
| | realisert, men har ei kopling til planlagt fritids- og turistføremål nord for området. Nærmaste gjestehamn er aust for sentrum, Ådnavikjo.<br>Det er planlagt parkering ved fritids- og turistføremålet (BFT1) og gangveg ned til småbåthamna (GT3). Det er ikkje krav om køyreveg ned til området. | |
| **Tema** | **Verdi / Påverknad** | **Konsekvens** |
| **Landskapsbilde** | Arealet høyrer inn under landskapsklassifiseringa – *breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger* klassifisert til å ha stor verdi. Området ligg i sjøen med ei dels bratt strandsone av svaberg og oppsprukke berg, nærleik av naustrekkje med særleg verdi og er ein del av eit relativt ope landskapsrom. Inntrykket av området er areal med preg av bygd og sjø- og landbruksverksemd. Totalinntrykket sett bygg og landskap i eitt, er relativt godt. Arealet har innsyn frå store deler av Bjørnafjorden.<br>Området er vurdert til å ha **middels verdi til stor verdi** | -/-- |
| | Arealet ligg i tilknyting til eksisterande molo i sørvest og småbåthamnføremål i nordaust. Det er ikkje gjennomført større tiltak på området i dag. Det er behov for noko terrenginngrep for å etablere tilkomst frå landsida til anlegget, samt at det er opna for skjerming av anlegget som molo eller bølgjedemparar.<br>Det samla arealet i gjeldande KPA og det nye arealet gir moglegheit for etablering av ei middels stor hamn med tilhøyrande molo/bølgjedempar. Tiltaket vil ikkje ha større verknad for landskap lengre vekke, men vil endre situasjonen for dei dei nærmaste areala. For dei nærmaste areala vil tiltaket ha noko verknad gjennom at det må gjennomførast inngrep i terrenget, men med å utvide arealet for småbåthamn er det mogleg å tilpasse tiltaka betre enn om ein etablerer småbåthamn på berre arealet som er lagt inn i KPA.<br>**Påverknad: Noko forringa til forringa** | |
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv** | Området er ikkje omfatta av lokale kartfesta friluftsområde, eller statleg sikra friluftsområde. Deler av arealet ligg innanfor regionalt friluftsområde i sjø (Sævareidfjorden). Nærmaste lokale friluftsområde er turterrenget ved Haugsåsen i nordvest og badefjøre ved Strandvik i nordaust. Arealet består av svaberg, strand og kantvegetasjon. Holmen lengst i vest gir skjerming og området vert dels nytta som *hamn* for småbåtar. Arealet ligg i tilknyting til planlagt fritid- og turistføremål. Det er ikkje kjent omfang av bruken av strandsona, men det er potensiale for bruk av arealet.<br>Området er vurdert til å ha **noko verdi** | -/0 |
| | Planendringa er ikkje i konflikt med eller til hinder for bruk av registrerte friluftsområde. Planendringa medfører nedbygging av strandsoneareal med potensiale for friluftsliv og rekreasjon. Arealet ligg i tilknyting til planlagt småbåthamn, og gir potensiale for ei større hamn enn dagens plansituasjon. Tilgjenge til sjø er positivt i samanheng med friluftsliv og rekreasjon, samstundes opnar planendringa for utbygging av strandsone-areal og dels auka privatisering. Utviding av småbåthamnføremålet vil i mindre grad endre opplevinga av området, men bruken av området slik som i dag vil verta endra.<br>**Påverknad: Noko forringa** | |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar, viltområde/funksjonsområde for artar med forvaltning-sinteresse. Det er ikkje verna natur i nærleiken av arealet. Kantvegetasjonen mellom strandsona og bygningsmassen inne på land har ei lokal verdi for naturmangfald.<br>Området er vurdert til **noko verdi til utan betydning** | **0** |
| | Planendringa vil krevje inngrep i terrenget, kantvegetasjon, stranda og sjøen. Tiltaket vil ha verknad for naturmangfald gjennom arealbeslag og at kantvegetasjonen (lauvtre) vert fjerna.<br>**Påverknad: Noko forringa til ubetydeleg endring** | |
| **Kulturarv** | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller verneverdige bygg innanfor arealet. Dei nærmaste registreringane er lokalisert nord og nordaust (gnr. 84/9). Her er det både automatisk freda kulturminne og verneverdig bygg. Potensiale for registrering av nye kulturminne er lågt med utgangspunkt i høgde over havet og at det ikkje er gjort funn i nærområdet. Området ligg sørvest for naustrekkje med særleg verdi og i eit ope landskapsrom.<br>Området er vurdert til å ha **ubetydeleg til noko verdi** | **0** |
| | Planendringa medfører ikkje inngrep i kjente kulturminne eller utgjer påverknad eller endring for kjente kulturminne. Det vil ikkje endre kulturminne eller bygningsmiljø sine | |

PLANFORSLAG

| | | |
|---|---|---|
| | funksjonar. Det er dels sikt mellom arealet og det verneverdige naustrekkja, men avstand og topografi reduserer verknaden.<br>**Påverknad: Ubetydeleg til noko forringa** | |
| **Naturressursar** | Arealet er klassifisert som uproduktiv skog (lauvskog), strand og sjø. Nærliggjande innmarksareal i aust er klassifisert til å ha stor verdi. Det er ikkje utmarksressursar knytt til arealet, og det er ikkje registrert mineralressursar her.<br>Området er vurdert til å ha **ubetydeleg verdi** | **0** |
| | Planendringa medfører ikkje inngrep i område med naturressursar. Arealendringa vil ikkje splitte opp innmarksareal eller gjera det mindre drivverdig enn dagens situasjon.<br>**Påverknad: Ingen** | |
| Samla vurdering | Planendringa vil ha negativ verknad for tema landskap og friluftsliv/ by- og bygdeliv ved at arealet gjer beslag i strandsona og aukar omfang av tiltak i området. For kulturarv, naturmangfald og naturressursar har forslaget ubetydeleg verknad. | - |
| Konklusjon | Forslag til utvida areal til småbåthamn kan tilrådast med omsyn til arealkonfliktane til andre interesser er avgrensa. | |

## 10.6 Område 6 Utvida areal knytt til ridehall

| | | |
|---|---|---|
| |  | |
| **Planstatus** | Kommuneplan: Gjeldande reguleringsplan<br>Gjeldande reguleringsplan: LNF-føremål | |
| **Planlagt føremål** | Idrettsføremål (ridehall), BIA2 | |
| **Arealstorleik** | 0,7 dekar | |
| **Omtale av tiltaksområdet** | Arealet ligg i tilknyting til eksisterande ridehall og er planlagt for å utvide kapasiteten for boksplassar. Arealet er i dag ei skjering mot eksisterande ridehall og grasbakke. | |
| **Tema** | **Verdi / Påverknad** | **Konsekvens** |
| **Landskapsbilde** | Arealet høyrer inn under landskapsklassifiseringa – *breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger* klassifisert til å ha stor verdi.<br>Området ligg ved eksisterande hall relativt langt oppe i landskapsrommet i Strandvik. Eksisterande bygningar og tiltak er av større dimensjon i volum, men skapar ikkje silhuettverknad eller dannar særleg dominerande inntrykk i bygda då det ligg inn mot terrenget og høgda Haugen, samt at det er andre større gardsbygningar i området. Arealet | **-/0** |

| | | |
|---|---|---|
| | har innsyn frå store deler av Bjørnafjorden<br>Området er vurdert til å ha **middels til stor verdi**<br>Arealet ligg i tilknyting til eksisterande ridesenter i aust og i nærleik til gardsbruk i vest. Det er ikkje gjennomført tiltak på området i dag, med unntak av skjering mot eksisterande ridesenter. Det er behov for terrenginngrep for å utvide ridehallen då dagens anlegg ligg delvis inn i høgda Haugen. Ny skjering vil ikkje verta høgare eller større enn dagens skjering er.<br>Planendringa vil ikkje ha større verknad for landskap lengre vekke, men vil endre situasjonen noko for dei dei nærmaste areala. For dei nærmaste areala vil tiltaket ha noko verknad gjennom at det må gjennomførast inngrep i terrenget, men av eit avgrensa omfang sett i lys av eksisterande tiltak i området.<br>**Påverknad: Noko forringa til ubetydeleg endring** | |
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv** | Området er ikkje omfatta av regionale eller lokale kartfesta friluftsområde, eller statleg sikra friluftsområde. Nærmaste lokale friluftsområde er Haugen sørvest for arealendringa. Arealet er i dag klassifisert som dyrka mark. Arealet ligg tett på eksisterande idrettsanlegg.<br>Området er vurdert til å ha **noko verdi**<br>Planendringa er ikkje i konflikt med eller til hinder for bruk av registrerte friluftsområde. Tiltaket skal gjennomførast for å utvide eksisterande rideanlegg, og planendringa vil medverke til auka attraktivitet til anlegget.<br>**Påverknad: Forbetra** | +/++ |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar, viltområde/funksjonsområde for artar med forvaltning-sinteresse. Det er ikkje verna natur i nærleiken av arealet. Arealet er i dag klassifisert som dyrka mark.<br>Området er vurdert til **utan betydning**<br>Planendringa vil krevje inngrep i terrenget, men inngrepet er avgrensa og i eit område utan særlege verdiar. Tiltaket vil ha verknad lokalt for naturmangfald gjennom arealbeslag.<br>**Påverknad: Ubetydeleg endring til noko forringa** | **0** |
| **Kulturarv** | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller verneverdige bygg innanfor arealet. Det er eit kjent kulturminne ca. 70m nord for arealet, og det er eit verneverdig bygg (SEFRAK, rød kategori) knytt til gardsbruket ca. 140m sørvest for arealendringa. Potensiale for registrering av nye kulturminne er det med utgangspunkt i at det er gjort funn i nærområdet.<br>Området er vurdert til å ha **noko verdi**<br>Arealet medfører ikkje inngrep i kjente kulturminne eller utgjer påverknad eller endring for kjente kulturminne då arealendringa ligg lågare i terrenget enn kulturminnet (høgdeforskjell ca. 28m). Planendringa medfører terrenginngrep for å kunne utvide ridehallen, men vil i mindre grad endre kulturminne eller bygningsmiljø sine funksjonar eller betydning.<br>**Påverknad: Ubetydeleg endring** | **0** |
| **Naturressursar** | Området ligg i eit jordbrukslandskap med i hovudsak fulldyrka mark. Arealet er klassifisert som fulldyrka jord og er klassifisert til å ha stor verdi. Det er i mindre grad utmarksressursar knytt til området, og det er ikkje registrert mineralressursar her.<br> | -/-- |

PLANFORSLAG

| | | |
|---|---|---|
| | Området er vurdert til å ha **middels til stor verdi** | |
| | Planendringa omdisponerer om lag 0,6 dekar fulldyrka jord. Arealendringa vil redusere innmarksarealet som er totalt 2,7 daa og gjera det noko mindre drivverdig enn dagens situasjon. For gardsbruket vil dette ha ein vesentleg verknad, medan for jordbruksverksemda i Fusa kommune har planendringa liten verknad.<br>**Påverknad: Forringa** | |
| Samla vurdering | Planendringa vil ha positiv verknad for tema friluftsliv/by- og bygdeliv ved å vidareutvikle ridetilbodet i bygda. For tema landskapsbilde og naturressursar vil planendringa ha ein negativ verknad gjennom utbygging av fulldyrka jord og auke i volum av bygningsmassen i området. For kulturarv og naturmangfald har forslaget ubetydeleg verknad. | **-/0** |
| Konklusjon | Forslag til utvida areal til ridehall kan tilrådast med omsyn til arealkonflikt til andre interesser. | |

## 10.7 Område 7 Ny grav- og urnelund

| | | |
|---|---|---|
| |  | |
| **Planstatus** | LNF-føremål og kjerneområde landbruk (H510) | |
| **Planlagt føremål** | Grav- og urnelund, o_BGU3 | |
| **Arealstorleik** | Om lag 1,5 dekar | |
| **Omtale av tiltaksområdet** | Nytt areal for grav- og urnelund. Eksisterande grav- og urnelund ved kyrkja og idrettsanlegget har avgrensa ledig areal, og BGU3 er regulert for framtidig behov. Arealet gir rom for til om lag 170 gravplassar (3 x 2,2 m pr grav). Dette arealet saman med dei to andre regulerte grav- og urnelundane gir samla plass til i underkant av 200 gravplassar og 100 urneplassar. | |
| **Tema** | **Verdi / Påverknad** | **Konsekvens** |
| **Landskapsbilde** | Arealet høyrer inn under landskapsklassifiseringa – *breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger* klassifisert til å ha stor verdi. Området ligg ved tett på sentrumsfunksjonane og arealaet i dag ope jordbruksland med kantvegetasjon mot Vikelva. Det er etablere spreidde bustadar aust for arealet. Arealet har innsyn frå store deler av Strandvik dersom kantvegetasjonen vert fjerna.<br>Området er vurdert til å ha **middels verdi til stor verdi** | **-/0** |
| | Omdisponering frå LNF-føremål til utbyggingsføremål vil skape ein ny situasjon i | |

| | | |
|---|---|---|
| | området. Samstundes vil ikkje føremålet endre landskapets visuelle karakter då nye tiltak i området er av beskjeden karakter og omfang, samt at føremålet er trekt noko frå elvekanten slik at kantvegetasjonen mot elva kan takast i vare. Det er god relasjon mellom området og kyrkja.<br>**Påverknad: Noko forringa til ubetydeleg** | |
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv** | Området er ikkje omfatta av regionale eller lokale kartfesta friluftsområde, eller statleg sikra friluftsområde. Arealet er i dag klassifisert som dyrka mark og ligg innanfor 100-metersbeltet mot elv.<br>Området er vurdert til å ha **ubetydeleg til noko verdi** | **0** |
| | Planendringa er ikkje i konflikt med eller til hinder for bruk av registrerte friluftsområde. Arealføremålet vil gjera området meir offentleg enn dagens situasjon, og vil endre opplevinga av arealet, samt bruksområde. Arealet ligg relativt sentralt og med god relasjon til kyrkja og Vikelva. Det er planlangt turveg på vestsida av arealet som knyt det saman med sentrumsområde og grav- og urnelund på vestsida av Vikelva.<br>**Påverknad: Ubetydeleg** | |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar, viltområde/funksjonsområde for artar med forvaltningsinteresse. Det er ikkje verna natur i nærleiken av arealet. Vikelva er anadrom elv og kantvegetasjonen langs elva har ei lokal verdi for naturmangfald. Arealet er i dag klassifisert som dyrka mark.<br>Området er vurdert til **middels til stor verdi** | **-** |
| | Planendringa vil krevje inngrep i terrenget, men inngrepet er avgrensa og i eit område utan særlege verdiar for naturmangfald (dyrka mark). Tiltaket vil ha verknad lokalt for naturmangfald gjennom arealbeslag. Arealføremålet er trekt noko frå Vikelva slik at eksisterande kantvegetasjon kan behaldast. Planendringa medfører terrenginngrep for å kunne etablere og i drift av grav- og urnelunden, og potensiale for avrenning til elva. Endringa medfører også at ev. påverknad frå jordbruksaktiviteten vil verta fjerna.<br>**Påverknad: Noko forringa** | |
| **Kulturarv** | Arealet er i dag dyrka mark. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller verneverdige bygg innanfor arealet. Det er om lag 140m langs vegen til Strandvik kyrkje. Det er nokre eldre bygg på austsida av vegen til Vik. Potensialet for registrering av nye kulturminne er lågt med omsyn til høgde over havet og elles at det ikkje er gjort funn i nærområdet.<br>Området er vurdert til å ha **middels verdi** | **0** |
| | Arealet medfører ikkje inngrep i kjente kulturminne eller utgjer påverknad eller endring for kjente kulturminne. Planendringa medfører terrenginngrep for å kunne etablere og i drift av grav- og urnelunden og landskapskarakteren lokalt vil verta noko endra. Arealet vil vera godt tilpassa i landskapet, og vil ikkje bryte med det nærliggjande bygningsmiljøa. Sjølv om det ikkje er direkte siktlinje i dag pga. vegetasjon er det god relasjon mellom området og kyrkja.<br>**Påverknad: Ubetydeleg** | |

PLANFORSLAG

| | | |
|---|---|---|
| |  | |
| **Naturressursar** | Området ein mindre jordbruksteig på 2 dekar i eit elles spreidd utbygd område på oppsida av vegen. Arealet er klassifisert som fulldyrka jord, vert nytta til grasproduksjon og er klassifisert til å ha stor verdi. Arealet er definert som kjerneområde landbruk i gjeldande KPA. Det er ingen utmarksressursar knytt til området, og det er ikkje registrert mineralressursar her.<br>Området er vurdert til å ha **stor verdi** | -- |
| | Planendringa omdisponerer fulldyrka jord, areal som er avsett som LNF og kjerneområde landbruk i KPA. Sjølv om arealendringa omfattar deler av teigen vil attverande areal ikkje vera drivverdig. For gardsbruket vil dette ha ein vesentleg verknad, medan for jordbruksverksemda i Fusa kommune har planendringa liten verknad. Arealet er einaste området på austsida av Vikelva før ein kjem opp til dei større og meir samanhengande jordbruksområda på Vik som er definert som kjerneområde landbruk. Ein vurderer at verknaden for kjerneområdet såleis er avgrensa.<br>**Påverknad: Forringa** | |
| Samla vurdering | Planendringa vil ha negativ verknad for tema naturressursar ved utbygging av fulldyrka jord, og mindre negativ verknad for naturmangfald og landskap pga. endring av føremål tett på Vikelva. For kulturminne/-miljø og friluftsliv/ by- og bygdeliv har forslaget ubetydeleg verknad. | -/-- |
| Konklusjon | Forslag til ny grav- og urnelund kan ikkje tilrådast med omsyn til konflikt til arealinteresser, særleg med omsyn til naturmangfald og naturressursar. | |

## 10.8 Område 8 Eldrebustadar ved Jordmorsvingen

| | | |
|---|---|---|
| | <br>*Sirkel viser område for utbyggingsføremål. Bakgrunnskart er gjeldande kommuneplan.* | |
| **Planstatus** | Kommuneplan: Gjeldande reguleringsplan som framleis skal gjelde<br>Reguleringsplan:<br>1) Naustrekkja i Strandvik: Landbruksområde – jordbruk/skogbruk (L1).<br>2)Fv122 Jordmorsvingen: Samferdselsføremål, anna veggrunn og LNF. | |
| **Planlagt føremål** | Offentleg føremål, eldrebustadar | |
| **Arealstorleik** | Ukjent. | |
| **Omtale av tiltaksområdet** | Arealet er tiltenkt nye eldrebustadar sentralt i Strandvik sentrum. Det er kort avstand til tenestetilboda i sentrum. Arealet er i dag ikkje utbygd. | |
| **Tema** | **Verdi / Påverknad** | **Konsekvens** |
| **Landskapsbilde** | Arealet høyrer inn under landskapsklassifiseringa – *breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger* klassifisert til å ha stor verdi. Området ligg ved tett på sentrumsfunksjonane og areala sørfor er ope jordbrukslandskap. Eksisterande bygningar bryt ikkje med inntrykket av området. Arealet har innsyn frå store deler av Bjørnafjorden<br>Området er vurdert til å ha **middels verdi til stor verdi**<br>Omdisponering frå LNF-føremål til utbyggingsføremål vil skape ein ny barriere i landskapet og redusere siktlinje frå areala nord for fylkesvegen mot sjø.<br>**Påverknad: Forringa** | -- |
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv** | Området er ikkje omfatta av regionale eller lokale kartfesta friluftsområde, eller statleg sikra friluftsområde. Nærmaste lokale friluftsområde er Haugen vest for arealendringa og strandsona i søraust. Arealet er i dag klassifisert som dyrka mark. Arealet ligg i sentrum av Strandvik.<br>Området er vurdert til å ha **noko verdi**<br>Planendringa er ikkje i konflikt med eller til hinder for bruk av registrerte friluftsområde. Tiltaket skal gjennomførast for å etablere eldrebustadar, og planendringa vil medverke til auka attraktivitet i bygda for fleire aldersklassar. Arealet ligg sentralt noko som gir gode tilhøve for dei busette i eldrebustadane, både med omsyn til nærleik til aktivitetar og tenester.<br>**Påverknad: Forbetra** | + |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar, viltområde/funksjonsområde for artar med forvaltning-sinteresse. Det er ikkje verna natur i nærleiken av arealet. Arealet er i dag klassifisert som dyrka mark.<br>Området er vurdert til **utan betydning**<br>Planendringa vil krevje inngrep i terrenget, men inngrepet er avgrensa og i eit område utan særlege verdiar. Tiltaket vil ha verknad lokalt for naturmangfald gjennom arealbeslag. | 0 |

PLANFORSLAG

| | | |
|---|---|---|
| | **Påverknad: Ubetydeleg endring** | |
| **Kulturarv** | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller verneverdige bygg innanfor arealet. Det er eit kjent kulturminne ca.100m sør for arealet, og her er det også verneverdig bygg (SEFRAK, rød kategori). I søraust er det naustrekkje med særleg verdi. Det er potensiale for registrering av nye kulturminne med utgangspunkt i at det er gjort funn i nærområdet.<br>Området er vurdert til å ha **noko til middels verdi** | - |
| | Arealet medfører ikkje inngrep i kjente kulturminne eller utgjer påverknad eller endring for kjente kulturminne då arealendringa ligg noko høgare i terrenget enn kulturminnet og ikkje i siktlinja mot sjø. Planendringa medfører terrenginngrep for å kunne etablere bustadane og landskapskarakteren lokalt vil verta endra. Planendringa vil til ein viss grad endre kulturminne og bygningsmiljø sine betydning ved etablering av nye tiltak i influensområdet.<br>**Påverknad: Noko forringa** | |
| **Naturressursar** | Området ligg i eit ope jordbrukslandskap med i hovudsak fulldyrka mark nytta til grasproduksjon. Arealet er klassifisert som fulldyrka jord, vert nytta til grasproduksjon og er klassifisert til å ha stor verdi. Det er i mindre grad utmarksressursar knytt til området, og det er ikkje registrert mineralressursar her.<br>Området er vurdert til å ha **stor verdi** | --/--- |
| | Planendringa omdisponerer fulldyrka jord, areal som er avsett som LNF i KPA og reguleringsplan. Arealendringa vil redusere innmarksarealet som er totalt 33,6 daa og gjera det mindre drivverdig enn dagens situasjon. For gardsbruket vil dette ha ein vesentleg verknad, medan for jordbruksverksemda i Fusa kommune har planendringa liten verknad.<br><br>**Påverknad: Forringa** | |
| Samla vurdering | Planendringa vil ha positiv verknad for friluftsliv/ by- og bygdeliv ved at utbygginga vil gjera bygda meir attraktiv for å vera lenge busett her. Planendringa vil ha negativ verknad for tema landskap, kulturarv og naturressursar ved utbygging av fulldyrka jord i eit ope landskap der siktline mot sjø og kulturmiljø vert forringa. For naturmangfald har forslaget ubetydeleg verknad. | -- |
| Konklusjon | Forslag til eldrebustadar kan ikkje tilrådast med omsyn til konflikt til arealinteresser, og særleg med omsyn til landskap og siktline, nærleik til kulturmiljø, samt nedbygging av større jordbruksareal. | |

## 10.9 Område 9 Flytande bustadar

| | | |
|---|---|---|
| |  | |
| **Planstatus** | Bruk og vern av sjø og vassdrag | |
| **Planlagt føremål** | Bustadføremål/Småbåthamn: Flytande bustadar | |
| **Arealstorleik** | Ukjent | |
| **Omtale av tiltaksområdet** | Innspelet omfattar eit areal i sjø frå Nyekaien til naustrekkja ved moloen for flytande bustadfelt og promenade under den kommunale vegen med landgang til kvart hus. Parkering kan løysast med utviding av parkeringsplassen mot moloen. I tillegg bølgjebrytar for å roe ned sjøen. Bustadane har båtplass i «hagen», energieffektive bustader med varmepumpesløyfe direkte i sjøen. Avlaup frå toalett til oppsamlingstank som ved vanlege hus. Straum og vatn gjennom landgangen. Kjende teknikkar frå oppdrettsnæringa og erfaring frå Nederland kan nyttast for utviklinga. | |
| **Tema** | **Verdi / Påverknad** | **Konsekvens** |
| **Landskapsbilde** | Arealet høyrer inn under landskapsklassifiseringa – *breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger* klassifisert til å ha stor verdi.<br>Arealet omfattar eit større område i sjø frå eksisterande naust i vest til Nyekaien i aust. På landsida går fylkesvegen tett på sjøen før terrenget i stig bratt på. Det er nokre få bygg nærmast arealet og desse ligg på oppsida av fylkesvegen på eit høgare nivå enn fylkesvegen. Arealet har innsyn frå store deler av Bjørnafjorden<br>Området er vurdert til å ha **middels verdi til stor verdi** | -- |
| | Arealendringa opnar for tiltak i sjø og såleis ei kunstig utviding av landarealet. Området er eksponert frå sjøsida og vil verta godt synleg frå omkringliggjande areal, også frå noko meir fjernare område.<br>I følgje vurdering av landskapstypen vil utbygging av større tiltak som vil eksponere fjordsidene kunne verke inn og endre viktige trekk ved landskapskarakteren. Det er truleg ikkje behov for større terrenginngrep for å kunne etablere bustadane, og det vil vera reversible tiltak. Likeså vil tiltaka medverke til å endre landskapet sin karakter ved å kunstig utvide landarealet.<br>**Påverknad: Forringa** | |
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv** | Deler av området er omfatta av lokalt kartfesta friluftsområde (badefjøre ved Strandvik), samt at store deler av arealet ligg innanfor regionalt friluftsområde, Sævareidfjorden. Det er ingen statleg sikra friluftsområde i nærleiken. Arealet består av strandsone og sjøareal.<br>Det er ikkje etablert vegareal for mjuke trafikantar langs fylkesvegen inn til sentrum med butikk, skule etc..<br>Området er vurdert til å ha **middels verdi** | -/-- |
| | Planendringa er i konflikt med og til hinder for bruk av registrerte friluftsområde. Planendringa medfører nedbygging og privatisering av strandsone- og sjø areal med eksisterande og potensiale for friluftsliv og rekreasjon. Opplevinga av området vil i verta | |

| | | |
|---|---|---|
| | endra og bruken av området vil verta redusert samanlikna med dagens bruk gjennom arealbeslag.<br>**Påverknad: Forringa** | |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar, viltområde/funksjonsområde for artar med forvaltningsinteresse. Holmen sørvest for arealet, Gåseskjeret, er verna som sjøfuglreservat. Holmen er registrert som yngleområde for fiskemåke, sildemåke, gråmåke, rødnebbterne og makrellterne. Det er i dag om lag 200 frå holmen og til land.<br>Sjøområda er ikkje kartlagt med omsyn til verdi, og området er dels eksponert ut mot Bjørnafjorden. Vestre del av området ved fylkesvegen er i hovudsak steinfylling, medan austre del av området ved fylkesvegen er bratt fjell/berg.<br>Området er vurdert til **noko verdi** | - |
| | Planendringa vil krevje inngrep i terrenget ved land for å gi landfeste. Tiltaka i sjø er avgrensa til fortøyingar og bølgjebrytar. Tiltaket vil ha verknad for naturmangfald gjennom arealbeslag og opnar for tiltak nærmare sjøfuglreservatet enn dagens situasjon gjer (potensial for forstyrringar).<br>**Påverknad: Noko forringa til ubetydeleg endring** | |
| **Kulturarv** | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller verneverdige bygg innanfor arealet. Det er ingen kjente kulturminne nær arealet, men det er fleire verneverdige bygningar (SEFRAK, rød kategori) knytt til naustrekkja sørvest for området. Potensiale for registrering av nye kulturminne er lågt med utgangspunkt høgde over havet og at det ikkje er gjort funn i nærområdet.<br>Området er vurdert til å ha **noko verdi** | - |
| | Planendringa medfører ikkje inngrep i kjente kulturminne eller utgjer påverknad eller endring for kjente kulturminne. Det vil ikkje endre kulturminne eller bygningsmiljø sine funksjonar. Det er sikt mellom arealet og det verneverdige naustrekkja, og moderne tiltak som flytande bustadar er vil redusere kulturmiljøet naustrekkja er ein del av sin verdi.<br>**Påverknad: Noko forringa til forringa** | |
| **Naturressursar** | Arealet er klassifisert som sjøareal. Det er ikkje knytt jord- eller skogbruksinteresser til arealet. Det er ikkje utmarksressursar knytt til arealet, og det er ikkje registrert mineralressursar her.<br>Området er vurdert til å ha **ubetydeleg verdi** | **0** |
| | Planendringa medfører ikkje inngrep i område med naturressursar.<br>**Påverknad: Ingen** | |
| Samla vurdering | Planendringa vil ha negativ verknad for tema landskap, friluftsliv/by- og bygdeliv, naturmangfald og kulturarv ved utbygging i eksponert strand- og sjøområde med nærleik til verneverdig kulturmiljø og naturreservat. For naturressursar har forslaget ubetydeleg verknad. | --/- |
| Konklusjon | Forslag til flytande bustadar kan ikkje tilrådast med omsyn til arealkonflikt til arealinteresser, og særleg med omsyn til landskap, strandsone og friluftsliv, samt naturmangfald. | |

## 10.10 Område 10, Idrettsanlegg

Det er vurdert 3 alternative lokaliseringar for ny idrettshall. Alternativ 1 og 2 er vist med ulik storleik, der største hall har grunnflate om lag 2650 m$^2$ og den minste hallen med grunnflate 1600 m$^2$.

| | | |
|---|---|---|
| **Tiltaksområde ALTERNATIV 1** | Alternativ 1A, stor hall (lengde N-S) | Alternativ 1B, liten hall (lengde V-Ø) |

PLANFORSLAG

| | | |
|---|---|---|
| |   | |
| **Planstatus** | Sentrumsføremål, LNF-føremål, samt bruk og vern av sjø og vassdrag (Vikelva) | |
| **Planlagt føremål** | Idrettsanlegg. | |
| **Omtale av området** | **Alternativ 1A:** Arealet omfattar ei vidareutvikling av idrettsanlegg med innandørs hall og garderobeanlegg. Arealet ligg dels på dyrka mark, og omdisponerer dagens fleirbruksbane. Arealet medfører at Vikelva må leggjast om til å gå langs vegen Vik. Arealet ligg tett på eksisterande idrettsanlegg, og skule/barnehage, og er såleis sentralt plassert i bygda. Det er busetnad på alle kantar av arealet, bustadar i aust og vest, gardsbruk i nord og skule/idrett i sør, samt innmarksareal i nord og vest. Arealet ligg delvis innanfor kartfesta kjerneområde landbruk, og 100-metersbelte kring vassdraget.<br>**Alternativ 1B:** Arealet omfattar ei vidareutvikling av idrettsanlegg med innandørs hall og garderobeanlegg. Arealet er i dag dyrka mark, og omdisponerer dagens fleirbruksbane. Arealet ligg tett på eksisterande idrettsanlegg og skule/barnehage, og er såleis sentralt plassert i bygda. Det er busetnad på alle kantar av arealet, fotball-/tennisbane i aust, bustadar sørvest, gardsbruk i nord og skule/idrett i sør, samt innmarksareal i nord, sør og vest. Store deler av arealet ligg innanfor kartfesta kjerneområde landbruk, og 100-metersbelte kring vassdraget. | |
| **Tema** | **Verdi / Påverknad** | **Konse-kvens** |
| **Landskapsbilde** | Arealet høyrer inn under landskapsklassifiseringa – *breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger* klassifisert til å ha stor verdi.<br>Arealet ligg like i bakkant av sentrum i Strandvik, i eit ope landskapsrom. Andre større bygningselement i området er kyrkja og skulen, elles er det relativt småskala utbygd i området.<br>Området er vurdert til å ha **middels verdi til stor verdi** | **Alt. 1A = --/---**<br><br>**Alt. 1B = --** |
| | Alternativ 1A, stor hall (lengde N-S) Alternativ 1B, liten hall (lengde V-Ø)<br> <br>*Illustrasjonar av planlagde bygg sett frå vegen til Vik i retning sør.* | |



*Illustrasjonar av planlagde bygg sett frå fylkesvegen i retning aust.*



*Illustrasjonar av planlagde bygg sett frå Legland/Hauge i retning vest.*



*Illustrasjonar av planlagde bygg sett frå sjøen i retning nord.*

Alternativ 1A.
Alternativet vil krevje mindre inngrep i terrenget då det er dels flatt i området, men det krev omlegging av Vikelva. Arealet opnar for etableringa av ein stor og høg hall som vil vera dominerande i det elles opne og relativt småskala landskapet. Sikt for bakanforliggjande bustadar vil verta negativt påverka. Alternativet vil ha verknad for landskap, også utover i dei nærmaste areala då det vil medverke til å endre inntrykket av Strandvik sentrum. Alternativet vil verta synleg frå fjernare område.
Alternativet er vanskeleg å tilpasse i landskapet, og vil bryte med det nærliggjande bygningsmiljøa.
**Påverknad:  Forringa til sterkt forringa**

Alternativ 1B:
Alternativet vil krevje mindre inngrep i terrenget då det er dels flatt i området. Arealet opnar for etableringa av hall som vil vera dominerande i det elles opne og relativt småskala landskapet. Sikt for bakanforliggjande bustadar vil verta negativt påverka. Alternativet vil ha verknad for landskap, også utover i dei nærmaste areala då det vil medverke til å endre inntrykket av Strandvik sentrum. Alternativet vil verta synleg frå fjernare område. Alternativet er vanskeleg å tilpasse i landskapet, og vil bryte med det nærliggjande bygningsmiljøa.
**Påverknad:  Forringa**

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv** | Området er ikkje omfatta av regionale eller lokale kartfesta friluftsområde, eller statleg sikra friluftsområde. Arealet ligg innanfor 100-metersbeltet mot elv. Arealet er i dag dyrka mark, elv og idrettsanlegg.<br>Området er vurdert til å ha **noko verdi** | **Alt. 1A = +/0**<br><br>**Alt. 1B = +/0** |
| | Alternativ 1A:Tiltaket skal gjennomførast for å utvide eksisterande idrettsanlegg, og planendringa vil medverke til auka attraktivitet til anlegget.<br>**Påverknad: Forbetra**<br><br>Alternativ 1B: Tiltaket skal gjennomførast for å utvide eksisterande idrettsanlegg, og planendringa vil medverke til auka attraktivitet til anlegget.<br>**Påverknad: Forbetra** | |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar, viltområde/funksjonsområde for artar med forvaltning-sinteresse. Det er ikkje verna natur i nærleiken av arealet. Vikelva er anadrom elv og kantvegetasjonen langs elva har ei lokal verdi for naturmangfald.<br>Området er vurdert til **middels til stor verdi** | **Alt. 1A = --**<br><br>**Alt. 1B = -** |
| | Alternativ 1A: Planendringa vil krevje inngrep i terrenget, omlegging av elva og fjerning av kantvegetasjon. Tiltaket vil ha stor verknad for naturmangfald gjennom arealbeslag og at kantvegetasjonen vert fjerna.<br>**Påverknad: Forringa**<br><br>Alternativ 1B: Planendringa vil krevje inngrep i terrenget, og potensiale for avrenning til elva. Tiltaket vil ha verknad for naturmangfald gjennom arealbeslag.<br>**Påverknad: Noko forringa** | |
| **Kulturarv** | Areala er i dag idrettsanlegg og innmarksareal/elv med naturleg kantvegetasjon på austsida av elva. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø/sefrak-bygningar innanfor arealet. Nærmaste freda kulturminne og verneverdig bygg er kyrkja og gravplassen aust for arealet. Det er nokre eldre bygg på austsida av vegen til Vik. Potensialet for registrering av nye kulturminne er lågt med omsyn til høgde over havet og elles at det ikkje er gjort funn i nærområdet<br>Området er vurdert til å ha **middels verdi** | **Alt. 1A = --/---**<br><br>**Alt. 1B = --** |
| | Alternativ 1A: Alternativet vil krevje mindre inngrep i terrenget då det er dels flatt i området, men det krev omlegging av Vikelva. Arealet opnar for etableringa av ein stor og høg hall som vil vera dominerande i det elles opne og relativt småskala landskapet. Frå kyrkjetrappa vil ein sjå store deler av bygget, og sikt frå kyrkja vil verta dels forringa. Alternativet vil ha verknad for kulturmiljøa, også utover i dei nærmaste areala då det vil medverke til å endre inntrykket av Strandvik sentrum. Alternativet vil verta synleg frå fjernare område. Alternativet er vanskeleg å tilpasse i landskapet, og vil bryte med det nærliggjande bygnings-miljøa. Illustrasjon til høgre som viser sikt frå kyrkja og middelalder kyrkje-garden mot alternativet: <br>**Påverknad: Forringa til sterkt forringa**<br><br>Alternativ 1B: Alternativet vil krevje mindre inngrep i terrenget då det er dels flatt i området. Arealet opnar for etableringa av ein stor og relativt høg hall som vil vera dominerande i det elles opne og relativt småskala landskapet. Frå kyrkjetrappa vil ein sjå store deler av bygget, og sikt frå kyrkja vil verta dels forringa. Alternativet vil ha verknad for kulturmiljøa, også utover i dei nærmaste areala då det vil medverke til å endre inntrykket av Strandvik sentrum. Alternativet vil verta synleg frå fjernare  | |

PLANFORSLAG

| | | |
|---|---|---|
| | område. Alternativet er vanskeleg å tilpasse i landskapet, og vil bryte med det nærliggjande bygningsmiljøa. Illustrasjon til høgre som viser sikt frå kyrkja og middelalder kyrkjegarden mot alternativet:<br>**Påverknad: Forringa** | |
| **Naturressursar** | Området er eit jordbrukslandskap med i hovudsak fulldyrka mark nytta til grasproduksjon. Det er i mindre grad utmarksressursar knytt til området, og det er ikkje registrert mineralressursar her.<br>Området er vurdert til å ha **stor verdi** | |
| | Alternativ 1A: Alternativet omdisponerer om lag 2,1 dekar fulldyrka jord. Arealendringa gjer at heile teigen nord for Vikelva vert omdisponert og ikkje drivverdig. For gardsbruket har dette ei vesentleg verknad, medan for jordbruksverksemda i Fusa kommune har alternativt liten verknad. Arealet er avsett til utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan.<br>**Påverknad: Forringa**<br><br>Alternativ 1B: Alternativet omdisponerer om lag 0,7 dekar fulldyrka jord som dekker fotavtrykket til hallen, men også tilgrensande areal for tilkomst, parkering etc. vil verta omdisponert. Arealendringa vil til dels splitte opp innmarksareal som er totalt 37,9 daa og gjera det mindre drivverdig enn dagens situasjon. For gardsbruket har dette ei vesentleg verknad, medan for jordbruksverksemda i Fusa kommune har alternativt liten verknad. Arealet er avsett til utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan.<br>**Påverknad: Forringa** | **Alt. 1A = --**<br><br>**Alt. 1B = --/---** |
| Samla vurdering | **Alternativ 1A:** Planendringa vil ha positiv verknad for tema friluftsliv/by- og bygdeliv ved å gjera idrettsanlegget meir attraktivt. Planendringa vil ha negativ verknad for tema landskap, naturmangfald, kulturarv og naturressursar ved omfattande og ruvande utbygging og omlegging av elv, samt nærleik til verneverdig kulturmiljø.<br><br>**Alternativ 1B:** Planendringa vil ha positiv verknad for tema friluftsliv/by- og bygdeliv ved å gjera idrettsanlegget meir attraktivt. Planendringa vil ha negativ verknad for tema landskap, naturmangfald, kulturarv og naturressursar ved omfattande og ruvande utbygging og utbygging av jordbruksareal, samt nærleik til verneverdig kulturmiljø | **Alt. 1A = --/---**<br><br>**Alt. 1B = --/---** |
| Konklusjon | Forslag til idrettshall alternativ 1A og 1B kan ikkje tilrådast med omsyn til arealkonflikt til arealinteresser. | |

PLANFORSLAG

<table>
<tr><td>Tiltaksområde ALTERNATIV 2</td><td colspan="2">Alternativ 2A, stor hall (lengde N-S) Alternativ 2B, liten hall (lengde N-S)<br></td></tr>
<tr><td>Planstatus</td><td colspan="2">Sentrumsføremål</td></tr>
<tr><td>Planlagt føremål</td><td colspan="2">Idrettsanlegg</td></tr>
<tr><td>Omtale av området</td><td colspan="2">Alternativ 2A: Arealet omfattar ei vidareutvikling av idrettsanlegg med innandørs hall og garderobeanlegg. Arealet er i dag dyrka mark. Arealet ligg tett på eksisterande idrettsanlegg, og skule/barnehage, og er såleis sentralt plassert i bygda. Det er busetnad på alle kantar av arealet, gravplass og fotball-/tennisbane i aust, bustadar vest, gardsbruk i nord og skule/idrett i sør, samt innmarksareal i nord, og vest. Ein mindre del av arealet ligg innanfor kartfesta kjerneområde landbruk, og større deler ligg innanfor 100-metersbelte kring vassdraget.<br><br>Alternativ 2B: Arealet omfattar ei vidareutvikling av idrettsanlegg med innandørs hall og garderobeanlegg. Arealet er i dag dyrka mark. Arealet ligg tett på eksisterande idrettsanlegg, og skule/barnehage, og er såleis sentralt plassert i bygda. Det er busetnad på alle kantar av arealet, gravplass og fotball-/tennisbane i aust, bustadar vest, gardsbruk i nord og skule/idrett i sør/aust, samt innmarksareal i nord, og vest. Store deler av arealet ligg innanfor kartfesta kjerneområde landbruk, og 100-metersbelte kring vassdraget.</td></tr>
<tr><td>Tema</td><td>Verdi / Påverknad</td><td>Konse-kvens</td></tr>
<tr><td rowspan="2">Landskapsbilde</td><td>Arealet høyrer inn under landskapsklassifiseringa – breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger klassifisert til å ha stor verdi.<br>Arealet ligg like i bakkant av sentrum i Strandvik, i eit ope landskapsrom. Andre større bygningselement i området er kyrkja og skulen, elles er det relativt småskala utbygd i området.<br>Området er vurdert til å ha middels verdi til stor verdi</td><td rowspan="2">Alt. 1A = --/---<br><br>Alt. 1B = --</td></tr>
<tr><td>Alternativ 2A, stor hall (lengde N-S) Alternativ 2B, liten hall (lengde N-S)<br><br>Illustrasjonar av planlagde bygg sett frå vegen til Vik i retning sør.</td></tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| | <br><br>*Illustrasjonar av planlagde bygg sett frå fylkesvegen i retning aust.*<br><br><br><br>*Illustrasjonar av planlagde bygg sett frå Legland/Hauge i retning vest.*<br><br><br><br>*Illustrasjonar av planlagde bygg sett frå sjøen i retning nord.* | |
| | Alternativ 2A:<br>Alternativet opnar for etableringa av ein stor og høg hall som vil vera dominerande i det elles opne og relativt småskala landskapet. Sikt for bakanforliggjande bustadar og skule/barnehage vil verta negativt påverka. Alternativet vil ha verknad for landskap, også utover i dei nærmaste areala då det vil medverke til å endre inntrykket av Strandvik sentrum. Alternativet vil verta synleg frå fjernare område. Alternativet er vanskeleg å tilpasse i landskapet, og vil bryte med det nærliggjande bygningsmiljøa.<br>**Påverknad: Forringa til sterkt forringa**<br><br>Alternativ 2B:<br>Alternativet vil krevje mindre inngrep i terrenget då det er dels flatt i området. Arealet opnar for etableringa av hall som vil vera dominerande i det elles opne og relativt småskala landskapet. Sikt for bakanforliggjande bustadar og skule/barnehage vil verta negativt påverka. Alternativet vil ha verknad for landskap, også utover i dei nærmaste areala då det vil medverke til å endre inntrykket av Strandvik sentrum. Alternativet vil verta synleg frå fjernare område. Alternativet er vanskeleg å tilpasse i landskapet, og vil bryte med nærliggjande bygningsmiljø.<br>**Påverknad: Forringa** | |
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv** | Området er ikkje omfatta av regionale eller lokale kartfesta friluftsområde, eller statleg sikra friluftsområde. Arealet ligg innanfor 100-metersbeltet mot elv. Arealet er i dag dyrka mark.<br>Området er vurdert til å ha **noko verdi til ubetydeleg** | **Alt. 1A = +/0** |

| | | |
|---|---|---|
| | Alternativ 2A: Tiltaket skal gjennomførast for å utvide eksisterande idrettsanlegg, og planendringa vil medverke til auka attraktivitet til anlegget.<br>**Påverknad: Forbetra**<br><br>Alternativ 2B: Tiltaket skal gjennomførast for å utvide eksisterande idrettsanlegg, og planendringa vil medverke til auka attraktivitet til anlegget.<br>**Påverknad: Forbetra** | **Alt. 1B = +/0** |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar, viltområde/funksjonsområde for artar med forvaltning-sinteresse. Det er ikkje verna natur i nærleiken av arealet. Vikelva er anadrom elv og kantvegetasjonen langs elva har ei lokal verdi for naturmangfald.<br>Området er vurdert til **middels verdi** | **Alt. 1A = -**<br><br>**Alt. 1B = -** |
| | Alternativ 2A: Planendringa vil krevje inngrep i terrenget, og potensiale for avrenning til elva. Tiltaket vil ha verknad for naturmangfald gjennom arealbeslag.<br>**Påverknad: Noko forringa**<br><br>Alternativ 2B: Planendringa vil krevje inngrep i terrenget, og potensiale for avrenning til elva. Tiltaket vil ha verknad for naturmangfald gjennom arealbeslag.<br>**Påverknad: Noko forringa** | |
| **Kulturarv** | Arealet er i innmarksareal, og ligg tett på elv med naturleg kantvegetasjon på austsida av elva, og gravplass ved idrettsanlegget. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø/sefrak-bygningar innanfor arealet. Nærmaste freda kulturminne og verneverdig bygg er kyrkja og gravplassen aust for arealet. Det er nokre eldre bygg på austsida av vegen til Vik. Potensialet for registrering av nye kulturminne er lågt med omsyn til høgde over havet og elles at det ikkje er gjort funn i nærområdet.<br>Området er vurdert til å ha **middels verdi** | **Alt. 1A = --**<br><br>**Alt. 1B = --/---** |
| | Alternativ 2A: Alternativet vil krevje mindre inngrep i terrenget då det er dels flatt i området. Arealet opnar for etableringa av ein stor og relativt høg hall som vil vera dominerande i det elles opne og relativt småskala landskapet. Frå kyrkjetrappa vil ein sjå store deler av bygget, og sikt frå kyrkja vil verta dels forringa. Alternativet vil ha verknad for kulturmiljøa, også utover i dei nærmaste areala då det vil medverke til å endre inntrykket av Strandvik sentrum.  Alternativet vil verta synleg frå fjernare område. Alternativet er vanskeleg å tilpasse i landskapet, og vil bryte med det nærliggjande bygningsmiljøa. Illustrasjon til høgre som viser sikt frå kyrkja og middelalder kyrkjegarden mot alternativet:<br>**Påverknad: Forringa**<br><br>Alternativ 2B: Alternativet vil krevje mindre inngrep i terrenget då det er dels flatt i området. Arealet opnar for etableringa av ein stor og relativt høg hall som vil vera dominerande i det elles opne og relativt småskala landskapet. Frå kyrkjetrappa vil ein sjå store deler av bygget, og sikt frå kyrkja vil verta dels forringa. Alternativet vil ha verknad for kulturmiljøa, også utover i dei nærmaste areala då det vil medverke til å endre inntrykket av Strandvik sentrum. Alternativet vil verta synleg frå fjernare område. Alternativet er vanskeleg å tilpasse i landskapet, og vil bryte med det nærliggjande bygningsmiljøa. Illustrasjon til høgre  som viser sikt frå kyrkja og middelalder kyrkjegarden mot alternativet:<br>**Påverknad: Forringa til sterkt forringa** | |
| **Naturressursar** | Området er eit jordbrukslandskap med i hovudsak fulldyrka mark nytta til grasproduksjon. | **Alt. 1A =** |

| | | |
|---|---|---|
| | Det er i mindre grad utmarksressursar knytt til området, og det er ikkje registrert mineralressursar her.<br>Området er vurdert til å ha **stor verdi** | --/---<br><br>**Alt. 1B =**<br>--/--- |
| | Alternativ 2A: Alternativet omdisponerer om lag 2,7 dekar fulldyrka jord som dekker fotavtrykket til hallen, men også tilgrensande areal for tilkomst, parkering etc. vil verta omdisponert. Søndre del av innmarksareala, som er totalt 37,9 daa, vil vera utilgjengeleg for jordbruksverksemd. Samla gjer alternativet teigen mindre drivverdig enn dagens situasjon. For gardsbruket har dette ei vesentleg verknad, medan for jordbruksverksemda i Fusa kommune har alternativt liten verknad. Arealet er avsett til utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan.<br>**Påverknad: Forringa**<br><br>Alternativ 2B: Alternativet omdisponerer om lag 1,7 dekar fulldyrka jord som dekker fotavtrykket til hallen, men også tilgrensande areal for tilkomst, parkering etc. vil verta omdisponert. Søndre del av innmarksareala, som er totalt 37,9 daa, vil vera utilgjengeleg for jordbruksverksemd. Samla gjer alternativet teigen mindre drivverdig enn dagens situasjon. For gardsbruket har dette ei vesentleg verknad, medan for jordbruksverksemda i Fusa kommune har alternativt liten verknad. Arealet er avsett til utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan.<br>**Påverknad: Forringa** | |
| Samla vurdering | **Alternativ 2A:** Planendringa vil ha positiv verknad for tema friluftsliv/by- og bygdeliv ved å gjera idrettsanlegget meir attraktivt. Planendringa vil ha negativ verknad for tema landskap, naturmangfald, kulturarv og naturressursar ved omfattande og ruvande utbygging og utbygging av jordbruksareal, samt nærleik til verneverdig kulturmiljø.<br><br>**Alternativ 2B:** Planendringa vil ha positiv verknad for tema friluftsliv/by- og bygdeliv ved å gjera idrettsanlegget meir attraktivt. Planendringa vil ha negativ verknad for tema landskap, naturmangfald, kulturarv og naturressursar ved omfattande og ruvande utbygging og utbygging av jordbruksareal, samt nærleik til verneverdig kulturmiljø.. | **Alt. 1A =**<br>--/---<br><br>**Alt. 1B =**<br>--/--- |
| Konklusjon | Forslag til idrettshall alternativ 2A og 2B kan ikkje tilrådast med omsyn til arealkonflikt til arealinteresser. | |

| | |
|---|---|
| **Tiltaksområde ALTERNATIV 3** |  |
| **Planstatus** | Sentrumsføremål |
| **Planlagt føremål** | Idrettsanlegg |
| **Omtale av området** | Arealet omfattar ei vidareutvikling av idrettsanlegg med innandørs hall og garderobeanlegg. Arealet er i dag dyrka mark og skråning inn mot terreng. Deler av bygget vil såleis ligge i terreng/fjell. Arealet ligg |

| | | |
|---|---|---|
| | noko frå eksisterande idrettsanlegg, og skule/barnehage, men er likevel sentralt plassert i bygda. Det er busetnad på nesten alle kantar av arealet, jordbruksland og skule/barnehage i aust, bustadar og gardsbruk i vest, sør og nord. | |
| **Tema** | **Verdi / Påverknad** | **Konsekvens** |
| **Landskapsbilde** | Arealet høyrer inn under landskapsklassifiseringa – *breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger* klassifisert til å ha stor verdi.<br>Arealet ligg like i vest for sentrum i Strandvik, i eit ope landskapsrom, men inn mot terreng. Andre større bygningselement i området er kyrkja og skulen, elles er det relativt småskala utbygd i området.<br>Området er vurdert til å ha **middels verdi til stor verdi**<br><br>*Illustrasjonar av planlagde bygg sett frå vegen til Vik i retning sør.*<br><br>*Illustrasjonar av planlagde bygg sett frå fylkesvegen i retning aust.*<br><br>*Illustrasjonar av planlagde bygg sett frå Legland/Hauge i retning vest.* | -- |

| | | |
|---|---|---|
| | <br>*Illustrasjonar av planlagde bygg sett frå sjøen i retning nord.* | |
| | Alternativet opnar for etableringa av ein stor og høg hall som vil vera dominerande i det elles opne og relativt småskala landskapet. At deler av hallen kan plasserst inn i terrenget har formidlande effekt på dominansen. Sikt for bakanforliggjande bustadar og gardsbruk vil bli noko påverka, og dels endra siktline mot sjø. Alternativet vil ha verknad for landskap, også utover dei nærmaste areala då det vil medverke til å endre inntrykket av Strandvik sentrum. Alternativet vil verta synleg frå fjernare område. Alternativet er vanskeleg å tilpasse i landskapet, og vil bryte med det nærliggjande bygningsmiljøa.<br>**Påverknad: Forringa** | |
| **Friluftsliv / by- og bygdeliv** | Området er ikkje omfatta av regionale eller lokale kartfesta friluftsområde, eller statleg sikra friluftsområde. Arealet er i dag klassifisert som dyrka mark.<br>Området er vurdert til å ha **noko verdi til ubetydeleg** | **+/0** |
| | Tiltaket skal gjennomførast for å utvide eksisterande idrettsanlegg, og planendringa vil medverke til auka attraktivitet til anlegget.<br>**Påverknad: Forbetra** | |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar, viltområde/funksjonsområde for artar med forvaltning-sinteresse. Det er ikkje verna natur i nærleiken av arealet. Vikelva er anadrom elv og kantvegetasjonen langs elva har ei lokal verdi for naturmangfald.<br>Området er vurdert til **noko til ubetydeleg verdi** | **-** |
| | Planendringa vil krevje inngrep i terrenget, og potensiale for avrenning til elva. Tiltaket vil ha verknad for naturmangfald gjennom arealbeslag.<br>**Påverknad: Noko forringa** | |
| **Kulturarv** | Arealet er i innmarksareal. Avstand til kyrka er om lag 170m, og frå kyrkjetrappa vil ein sjå nesten heile bygget. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø/sefrak-bygningar innanfor arealet. Nærmaste freda kulturminne og verneverdig bygg er kyrkja og gravplassen aust for arealet. Potensialet for registrering av nye kulturminne er lågt med omsyn til høgde over havet og elles at det ikkje er gjort funn i nærområdet.<br>Området er vurdert til å ha **middels verdi** | **--** |
| | Alternativet vil krevje mindre inngrep i terrenget då det er dels flatt i området. Arealet opnar for etableringa av ein stor og relativt høg hall som vil vera dominerande i det elles opne og relativt småskala landskapet. Frå kyrkjetrappa vil ein sjå ein del av bygget, og sikt frå kyrkja vil verta dels forringa. Frå gravplassen sør for kyrkja er ikkje alternativet synleg. Alternativet vil ha verknad for kulturmiljøa, også utover i dei nærmaste areala då det vil medverke til å endre inntrykket av Strandvik sentrum. Alternativet vil verta synleg frå fjernare område. Alternativet er vanskeleg å tilpasse i landskapet, og vil bryte med det nærliggjande bygningsmiljøa. | |

PLANFORSLAG

| | | |
|---|---|---|
| | <br>*Illustrasjon som viser sikt frå kyrkja og middelalder kyrkjegarden mot alternativet.*<br><br>*Illustrasjon som viser sikt frå kyrkjetrappa mot alternativet.*<br><br>**Påverknad: Forringa** | |
| **Naturressursar** | Området er eit jordbrukslandskap med i hovudsak fulldyrka mark nytta til grasproduksjon. Det er i mindre grad utmarksressursar knytt til området, og det er ikkje registrert mineralressursar her.<br>Området er vurdert til å ha **stor verdi** | |
| | Alternativet omdisponerer om lag 3,6 dekar fulldyrka jord, ein frittståande teig mellom bygg og vegar. Deler av alternativet vil også ha påverknad på det større innmarksarealet aust for alternativet som er på 37,9 daa. Påverknaden av dette arealet er av mindre omfang og i ytterkant av det, men vil kunne gjera det noko mindre drivverdig enn dagens situasjon. For gardsbruka som disponerer innmarksareala har dette ei vesentleg verknad, medan for jordbruksverksemda i Fusa kommune har alternativt liten verknad. Arealet er avsett til utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan.<br>**Påverknad: Forringa** | -- |
| Samla vurdering | Planendringa vil ha positiv verknad for tema friluftsliv/by- og bygdeliv ved å gjera idrettsanlegget meir attraktivt. Planendringa vil ha negativ verknad for tema landskap, naturmangfald, kulturarv og naturressursar ved omfattande og ruvande utbygging og utbygging av jordbruksareal, samt nærleik til verneverdig kulturmiljø. | -- |
| Konklusjon | Forslag til idrettshall alternativ 3 kan ikkje tilrådast med omsyn til arealkonflikt til arealinteresser. | |

## 11 Samla vurdering for tiltaksområda

| Fagtema | Omr. 1 Ny turveg ved sjøen | Omr. 2 Ny turveg ved Legland | Omr. 3 Ny tilkomstveg til bustadområde | Omr. 4 Utvida naustrekkje og veg | Omr. 5 Utvida småbåthamn | Omr.6 Utvida rideanlegg | Omr. 7 Ny grav- og urnelund | Omr. 8 Eldrebustadar | Omr. 9 Flytande bustadar | Omr. 10 Utvida idrettsanlegg | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | | | Alt 1A | Alt 1B | Alt 2A | Alt 2B | Alt 3 |
| Landskapsbilde | **0** | **0** | **--** | **-/0** | **-/--** | **-/0** | **-/0** | **--** | **--** | **--/ ---** | **--** | **--/ - --** | **--** | **--** |
| Friluftsliv / by- og bygdeliv | **++/ +++** | **++/ +++** | **0** | **-** | **-/0** | **+/++** | **0** | **+** | **-/--** | **+/0** | **+/0** | **+/0** | **+/0** | **+/0** |
| Naturmangfald | **0** | **0** | **-** | **0** | **0** | **0** | **-** | **0** | **-** | **--** | **-** | **-** | **-** | **-** |
| Kulturarv | **0** | **0** | **0** | **-** | **0** | **0** | **0** | **-** | **-** | **--/ ---** | **--** | **--** | **--/ - --** | **--** |
| Naturressursar | **-** | **0/-** | **--/-** | **0** | **0** | **-/--** | **--** | **--/---** | **0** | **--** | **--/ ---** | **--/ ---** | **--/ ---** | **--** |
| **Samla vurdering** | **+** | **+** | **--** | **-/0** | **-** | **-/0** | **-/--** | **--** | **--/-** | **--/ ---** | **--/ ---** | **--/ ---** | **--/ ---** | **--** |
| **Tilråding** | | | | | | | | | | | | | | |

Samanstillinga i tabellen viser at to av områda har positiv verknad, to har ubetydeleg til liten negativ verknad, eitt har liten negativ verknad, eitt har liten negativ til negativ verknad, og fire område har negativ verknad i varierande grad (inkl. alternativa). For alle dei områda med negative verknadane er verknaden i hovudsak knytt til utbygging av urørt område med verdiar knytt til grøneressursar, samt omfang av tiltaket og dominans i landskapet innspela er lokalisert i. Det er særleg lagt vekt på landskaps-, naturressurs- og kulturmiljøomsyn ved vurdering av negativ tilråding for område 3, 7, 8, 9 og10 (ny vegtilkomst Legland, grav og urnelund, eldrebustadar, flytande bustadar og idrettsanlegg).